Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Kommunestyret

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Kommunestyret

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	12.04.2018
Tid:	18:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

- Kl 16.30 er kommunestyrets medlemmer invitert til foredrag og diskusjon rundt offentlege anskaffelsar i regi av Innkjøpskontoret.

- I kommunestyretmøte blir det orientering av Knut Vareide frå Telemark forskning.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 19/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 20/18	Innføring av fem dagar skule for 1.-4.klasse 2018-19	
PS 21/18	Rapport om offentlege anskaffingar for Seljord kommune frå Telemark kommunerevisjon IKS	
PS 22/18	Høyringssvar frå Seljord kommune på ekspertutval som har vurdera nye oppgåver fra staten til fylkeskommunane	
PS 23/18	Samarbeidsavtale med Den økologiske hagen - økonomisk ramme for samarbeid med skulane og barnehagane	
PS 24/18	Selskapskontroll på brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark og forvaltingsrevisjon på sjølvkost på feietenester i Seljord kommune	
PS 25/18	Sak frå administrasjonsutval vedrørande ordføraren sine fullmakter til å forhandle tilsettingsvilkår med ny rådmann	

Saker til handsaming

PS 19/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Seljord kommune

Arkiv:	A29
Saksnr.:	2017/1754-24
Sakshand.:	Ronde Schade
Direkte tlf.:	
Dato:	26.02.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	20/18	12.04.2018

Innføring av fem dagar skule for 1.-4.klasse 2018-19

Saksdokument:

- Opplæringsloven med forskrift
- Drøftingsnotat 2017

Vedlegg:

1 Informasjonsskriv til heimesida februar 2018 - Orientering om fem dagar skule 2018/2019
2 Svarbrev frå Fylkesmannen angåande skyssordning Seljord kommune
3 Brev frå Telemark bilruter - Seljord Kommune tilbod midtskyss
4 Tilbod om "midtskyssordning" 2018/19 - Seljord kommune
5 Prisar SFO 2017/2018 - Betaling
6 Underskriftliste mot innføring av 5 dagarsskule hausten 2018
7 Opprop mot fem dagars skule
8 Uttale frå lærarstaben ved Seljord barneskule ang 5-dagars skuleveke
9 Høyringsuttale frå elevrådet og elevane ved Flatdal skule - 4.-7. klasse
10 Verdrørande 5-dagarsskule og skulemat på barneskulen
11 Tilbakemelding på 5-dagers skole, skolemat og leksefri
12 Innspel til høyringsbrev - 5 dagars skule, leksefri skule og matservering i skule
13 Høringssvar frå Tussejuv barnehage
14 FAU 5 dagers skule og skulemat
15 Tilbakemelding frå Heddeli bhg angåande fem dagers skuleveke og matservering i skulane
16 Kommentar på høyringsforslag om femdagarsveke, skulemat og leksefri
17 Innspel - Drøfting om grunnskulen

Saksutgreiing:

Av handlingsprogram 2018-2021 for Seljord kommune går det fram av hovudtema 2, **det gode livsløp i Seljord**, strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.5:

> *"Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018, samt vurdere innhald og organisering av skuledagen til beste for elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte".*

Hausten 2017 sendte skuleansvarleg ut "Drøftingsnotat for skulen hausten 2017" til skulane, elevane og foreldra. Drøftingsnotatet skulle danne grunnlag for delar av arbeidet med ny kommunedelplan, som skal vere ferdigstilt i 2019. Alle partar blei bedt om å kome med innspel til:

1. Fem dagar skule for alle elevar.
2. Matservering i skulen.
3. Lekser i skulen.

Fleire som kom med innspel til drøftingsnotatet peika på at det var behov for meir tid og betre prosessar før ein tok stilling til endringsforslaga i drøftingsnotatet, og da særleg punkt 1, fem dagar skule for alle elevane. Saka ble lagt fram for kommunestyret på nytt 14.12.2017 med tilråding om å utsetje innføringa av fem dagar skule:

> *"Innføring av full skuleveke for alle elevane i Seljord kommune blir utsett og i staden vurdert i og med utarbeiding av ny kommunedelplan for skule og oppvekst. Tiltak 2.1.2.5 blir endra til: Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord kommune bør vurderast som eit tiltak for å auke elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte".*

Kommunestyret fatta dette vedtaket 14.12.17:

> *"Kommunestyret ynskjer å halde fast på opprinneleg tiltak i post 2.1.2.5 i handlingsprogrammet om Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang prosessen med å forankre dette hos foreldra. Kommunestyret ber om å få saka tilbake for endeleg handsaming når prosessen er gjennomført".*

Kommunalsjef har gjennomført møte med FAU ved Flatdal skule og Seljord barneskule. Det er sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om endring av skuleveka frå hausten 2018. Skulane og foreldreutvala har kome med merknader og gode innspel til ordninga. Saka er på ny drøfta med det kommunale foreldreutvalet i møte 20.3.2014. Det kommunale foreldreutvalet stadfesta da at det var ynskjeleg å utsetje innføring av fem dagar skule, slik at ein kunne sikre ein god prosess og god involvering av alle partar.

Det er fortløpande lagt ut informasjon om saka på kommunen sine heimesider. Føresette til femåringane i barnehagen er varsla med oppslag og/eller skriv frå barnehagen.

Drøftingsgrunnlag/problemstillingar:

Økonomi: Det er ein viss usikkerheit knytt til finansiering av SFO-tilbodet, samt kostnaden ved innføring av eventuell ekstra skyss. SFO skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande, men det er vanskeleg å vite nøyaktig omfang av behovet for bemanning og talet på brukarar i ordninga frå hausten 2018. Dette veit vi ikkje før vi har gjennomført påmelding til SFO for nytt skuleår.

Endring til fem dagar skule **kan** føre til auka foreldrebetaling for SFO i økonomiplanperioden.

Nøyaktig kostnad ved endring av SFO-tilbodet må ein kome tilbake til når ein kjenner det endelege omfanget av elevar som ynskjer å bruke ordninga og bemanningsbehovet. Det bør uansett ordning og kostnad vere eit mål at vi utarbeider ein ny, felles handlingsplan for SFO i Seljord. Dette bør vere ein naturleg del av arbeidet med den nye kommunedelplanen.

Organisering og innhald: Det er gjort avtaler med Seljord idrettslag og Høgskolen om samarbeid med SFO frå og med hausten 2018, men detaljane i dette opplegget vil fyrst vere klart etter oppstart hausten 2018 (medio september). Det er i tillegg ynskjeleg at fleire kulturskuletilbod kan skje på dagtid, gjerne desentralisert, men det har ikkje vore tid til å få på plass slike tilbod innanfor den relativt korte tidsramma frå desember til mars 2018. I hovudsak vil tilbodet i SFO-tida vere slik vi kjenner det i 2017-18, men fordelt over fleire, lengre ettermiddagar enn tidlegare.

For skulen er det lagt til grunn at det samla fag- og timetalet ikkje skal auke, men fordelast ut på fleire dagar. Det er lagt til grunn at dette skjer innanfor eksisterande økonomisk ramme. Skulane har i alle år vurdert at fleire og kortare læringsøkter vil vere positivt for elevane sitt læringsutbyte, dette har lærarane ved Seljord barneskule stadfesta i brev som er lagt med som uttale til saka.

Skyss: Utgangspunktet etter opplæringslova § 7-1 første ledd er at

> *«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»*

Dette er ein individuell rett som gjeld kvar enkelt elev som oppfyller vilkåra i opplæringslova § 7-1 første ledd.

Av rundskriv frå Udir 3- 2009 heiter det at

> *«Departementet understrekar at skoleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmidel sjåast i samanheng."*

I uttale frå juristen hos Fylkesmannen i Telemark går det fram at:

> *"Eit vidare spørsmål er korleis retten til skyss fungerer når elevar veljar tilsyn /SFO etter endt opplæring. Udir si tolkingsfråsegn frå 03.12.2014 omhandlar forholdet mellom retten til skyss og bruk av SFO/tilsyn. I tolkinga vert det framheva at etter dagens regelverk har barna ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Det er opp til kommunen og*

fylkeskommunen om det blir lagt til rette for at barna som deltek på skulefritidstilbodet, gis tilbod innan skoleskyssordninga. Elevane har førebels ikkje rett på dette.

Utgangspunkta er difor at skulen berre pliktar å tilby skyss etter opplæringa er ferdig ettersom dette er ein rettighet elevene har.

Vidare er det slik at dersom elevane har rett til skyss heim etter skuleundervisninga så kan dei velje heilt sjølv (i samråd med sine forsette sjølvsagt) å delta på SFO/tilsyn de dagane dei ønskjer. At dei veljar SFO/tilsyn framfor å ta skyss heim etter undervisninga er ferdig endrar ikkje det faktum at elevane har rett til skyss når dei ikkje deltar i SFO/tilsyn.

Retten deira til skyss stoppar ikkje å gjelde om elevane ønsker skyss på dagar som ikkje er faste og bestemte. Vidare er det slik at elevane ikkje har plikt til å delta på SFO/tilsyn dei dagane vedkommande har blitt innvilga. Dei dagane dei veljar å ikkje delta på SFO/tilsyn har elevane dermed rett på skyss heim etter end opplæring."

Telemark bilruter har lagt til grunn at ekstra skulekøyring for elevane i 1.-4. klasse kan føre til ekstra utgifter på mellom 650-700 000 kr. Denne utrekninga er basert på at alle som brukar slik skyss i 2017/18 har det same skyssbehovet i 2018/19. Ei ekstra skulekøyring er heilt og fullt kommunen sitt økonomiske ansvar. Innføring av fem dagar skule med ekstra skulekøyring etter endt opplæring om lag kl 12.00 kan difor føre til 300 000 kr ekstra i skuleskyssutgifter i 2018 (hausteffekt) og 700 000 kr ekstra utgifter i 2019 (årseffekt).

I høve til kva som blir reell skysskostnad kan det bli variasjonar ut i frå kva slags SFO-tilbod dei føresette vel for neste år. Den reelle kostnaden vil truleg bli noko lågare enn 650-700 000 kr.

Rådmannen vurderer at det ikkje er grunnlag for å redusere utgifter tilsvarande 700 000 kr innanfor grunnskulen utan at dette vil føre til eit redusert opplæringstilbod for elevane. Eventuell innføring av fem dagar skule vil føre til behov for justering av driftsramma for grunnskulen.

Dersom kommunen vel ei løysing der elevane med rett til skyss får gratis SFO (tilsyn) fram til ordinær sluttskyss om lag kl. 14.00, vil dette medføre ein meirkostnad for kommunen i form av auka bemanning ved SFO i tida frå 12-14.00 måndag, onsdag og fredag. Nøyaktig meirkostnad vil variere ut i frå talet som ynskjer slikt tilsyn, truleg vil kostnaden vere mellom 50-100 000 kr. Dette er altså langt rimelegare enn å bestille ekstra skyssløysing for den same gruppa.

Dersom kommunen vel ei løysing der alle elevar må betale for SFO 12.00-14.00 (månd, onsdag og fredag), så må ein rekne med at nokre elevar ynskjer skyss heim (og har rett til det) klokka 12.00. Nøyaktig kor mange elevar som ynskjer det og kor dyrt det blir veit vi i så fall fyrst etter gjennomført opptak i SFO i slutten av april.

Kommunedelplan. Det er bestemt at ein skal utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren i løpet av 2018-2019. I løpet av 2018 skal administrasjonen utarbeide eit planprogram for dette arbeidet. Det vil da vere mogleg å sørgje for prosessar som sikrar naudsynt involvering og gir grunnlag for drøftingar om korleis eit endra skule- og sfo-tilbod kan sjå ut før ein bestemmer kva for tiltak/endringar ein vil prioritere.

Administrasjonen merkjer seg at mange foreldre er positive til endringar, men ynskjer å ta større del i prosessane slik at dei kan påverke innhaldet i skulen og SFO. Eit slikt engasjement bør vi setje stor pris på-. Det er ein ressurs for kommunen i arbeidet med kommunedelplanen 2018/19.

Vurdering av fem dagar skule for dei minste elevane, matservering, auka fysisk aktivitet og redusert leksetrykk i barneskulen er døme på sentrale spørsmål som ein bør vurdere samla for å sikre eit heilskapleg tilbod til slutt. Alle desse spørsmåla bør ein og vurdere i høve til at den norske grunnskulen frå hausten 2020 vil ha ein ny, revidert læreplan.

Det er vedtatt at kommunen skal ruste opp skulane i 2020 ("skulepakka i investeringsbudsjett 2020"). Det blir arbeidd med godkjenningssaker for dei to sentrumsskulane. Godkjenningssakene skal vere klare til handsaming i kommunestyret juni 2018. I tillegg har rådmannen starta ein omorganiseringsprosess som skal vere ferdig i løpet av 2018/19. Det er difor gode grunnar til å gjennomføre arbeidet med kommunedelplan, opprusting og organisering, før ein tek stilling til enkelttiltak som kan endre føresetnadene for eit heilskapleg tilbod for elevane. Samla sett skal skulesektoren gjennomføre svært mykje omstillingsarbeid dei neste to åra.

BETALING SFO.

Når det gjeld betaling for bruk av SFO har Seljord kommune i dag eit komplisert påmeldings- og betalingssystem. Det er, uansett utfall av saka om fem dagar skule, ynskjeleg at vi forenklar dette betalingssystemet. Forslag til nytt oppsett frå og med 1.8.2018:

Dekning	**Inntil t/veka**	**Pris per månad**	**Søskenmoderasjon 50 %**
Full dekning 1.-4.klasse	23	2 700 kr	1 350 kr
¾ dekning	17	2 100 kr	1 050 kr
½ dekning	12	1 500 kr	750 kr
¼ dekning	6	700 kr	350 kr

Redusert foreldrebetaling (50%) for familiar med samla inntekt under 200 000 kr.

Administrasjonen har ikkje mottatt merknader eller innspel ang endra betalingsoppsett frå foreldre eller FAU/SU.

Oppsummering:
Det går fram av saksutgreiinga at det er mogleg å innføre fem dagar skule frå hausten 2018, men at mange foreldre opplever at prosessen så langt har vore mangelfull og at innføring frå hausten 2019 er eit betre alternativ.

Administrasjonen vil difor peike på at det no er to aktuelle løysingar/alternativ i saka:

Alternativ 1:
Fem dagar skule blir innført frå og med hausten 2018, slik det går fram av vedtaket i kommunestyret 14.12.2018, sak 108/17. Kostnader til skyss for elevane med skyssrett blir dekt av disposisjonsfond i 2018 og innarbeidd i budsjett 2019 og økonomiplanperioden.

Alternativ 2:
Innføring av fem dagar skule for elevane i Seljord kommune blir vurdert saman med budsjett 2019 og påfølgande økonomiplanar, i tillegg til ny kommunedelplan for skule og oppvekst.

Tiltak 2.1.2.5 i handlingsprogrammet blir justert til:

"Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord kommune blir vurdert som tiltak for å auke elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte."

Administrasjon rår til at ein vel alternativ 2 i saka.

Rådmannen si tilråding:

Innføring av fem dagar skule for elevane i Seljord kommune blir vurdert saman med budsjett 2019 og påfølgande økonomiplanar, i tillegg til ny kommunedelplan for skule og oppvekst.

Tiltak 2.1.2.5 i handlingsprogrammet blir justert til:

"Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord kommune blir vurdert som tiltak for å auke elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte."

Endring av pristilbodet for bruk av SFO blir lagt til grunn frå oppstart av nytt skuleår 2018-19.

Utskrift til:
- Skulane
- Barnehagane
- FAU ved skulane
- SU ved barnehagane
- Hovudtillitsvald

SELJORD BARNESKULE

INFORMASJON OM FEM DAGAR SKULE 1.-4.KLASSE 2018-19.

Kommunestyret fatta vedtak 14. desember 2017: "Kommunestyret ynskjer å halde fast på opprinneleg tiltak i post 2.1.2.5 i handlingsprogrammet om Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang prosessen med å forankre dette hos foreldra.
Kommunestyret ber om å få saka tilbake for endeleg handsaming når prosessen er gjennomført".

STATUS:

Kommunalsjef for skule og oppvekst har gjennomført møte med FAU ved Flatdal skule og Seljord barneskule. Det er sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om mogleg endring av skuleveka frå hausten 2018. Skulane og foreldreutvala har kome med merknader og gode innspel til ordninga. Saka blir no lagt fram for det kommunale foreldreutvalet i møte 20.3.2014 og kommunestyret den 12.4.2018. **Ein tek atterhald om endeleg politisk godkjenning av saka i kommunestyret.** Saksframlegget vil vere tilgjengelege på kommunen sine heimesider om lag ei veke før møtet.

FORSLAG:

Ny skuleveke for elevane ved Seljord barneskule :

Trinn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.-4.kl.	08.10-11.35	08.10-13.50	08.10-11.35	08.10-13.50	08.10-11.35
5.-7.kl.	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50

Dei minste elevane, 1.-4.klasse, vil med denne skuleveka ha kortare skuledag måndag, onsdag og fredag, frå 08.10 til om lag 11.35. Det vil truleg bli matpause om lag kl 11.30-12.00 . Tysdag og torsdag er det lengre skuledag, frå 08.10-13.50.

Det blir tilbod om leksehjelp **måndag og onsdag frå 12-13.00**. Leksehjelpa er gratis og open for alle.

SFO

SFO vil vere open frå kl 12.00 måndag-onsdag-fredag for alle elevar som melder seg på ordninga.

Frå kl 13.00 på SFO onsdagar vil det bli leikprega aktivitetar i samarbeid med Seljord idrettslag og studentar frå idrettslinja frå Høgskulen i Bø. Tilbodet vil truleg vere i gang frå september 2018 og blir ein del av det ordinære SFO-tilbodet. Nøyaktig innhald og meir informasjon om ordninga må vi kome tilbake til etter sommarferien.

Elevane i 5.-7. klasse vil ha full skuledag alle dagar 08.10-13.50.

BETALING SFO 2018-2019

Dekning	Inntil t/veka	Pris per månad	Søskenmoderasjon 50 %
Full dekning 1.-4.klasse	23	2 700 kr	1 350 kr
¾ dekning	17	2 100 kr	1 050 kr
½ dekning	12	1 500 kr	750 kr
¼ dekning	6	700 kr	350 kr

Det vil bli redusert foreldrebetaling (50%) for familiar med samla inntekt under 200 000 kr.

SKYSS.

Det vil vere skyss om morgon som vanleg, framme om lag 08.00 og skyss heim til vanleg tid, om lag 13.50. Elevar på 1.-4. trinn som har rett til skyss må vente på skulen inntil den ordinære skyssen reiser. Desse elevane har rett til tilsyn i ventetida, slikt tilsyn vil bli organisert av/ved SFO og vere gratis.

Seljord 26.2.2018, kommunalsjef skule og oppvekst

FLATDAL SKULE

INFORMASJON OM FEM DAGAR SKULE 1.-4.KLASSE 2018-19.

Kommunestyret fatta vedtak 14. desember 2017: "Kommunestyret ynskjer å halde fast på opprinneleg tiltak i post 2.1.2.5 i handlingsprogrammet om Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang prosessen med å forankre dette hos foreldra. Kommunestyret ber om å få saka tilbake for endeleg handsaming når prosessen er gjennomført".

STATUS:

Kommunalsjef for skule og oppvekst har gjennomført møte med FAU ved Flatdal skule og Seljord barneskule. Det er sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om mogleg endring av skuleveka frå hausten 2018. Skulane og foreldreutvala har kome med merknader og gode innspel til ordninga. Saka blir no lagt fram for det kommunale foreldreutvalet i møte 20.3.2014 og kommunestyret den 12.4.2018. **Ein tek atterhald om endeleg politisk godkjenning av saka i kommunestyret.** Saksframlegget vil vere tilgjengelege på kommunen sine heimesider om lag ei veke før møtet.

FORSLAG:

Ny skuleveke for elevane ved Flatdal skule :

Trinn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.-4.kl.	08.40-12.05	08.40-14.20	08.40-12.05	08.40-14.20	08.40-12.05
5.-7.kl.	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20

Dei minste elevane, 1.-4.klasse, vil med denne skuleveka ha kortare skuledag måndag, onsdag og fredag, frå 08.40 til om lag 12.05. Det vil truleg bli matpause om lag kl 11.30-12.00 . Tysdag og torsdag er det lengre skuledag, frå 08.40-14.20.

Det blir tilbod om leksehjelp **måndag og onsdag frå om lag 12-13.00**. Leksehjelpa er gratis og open for alle.

SFO

SFO vil vere open frå om lag kl 12.00 måndag-onsdag-fredag for alle elevar som melder seg på ordninga.

Frå kl 13.00 på SFO onsdagar vil det bli leikprega aktivitetar i samarbeid med Seljord idrettslag og studentar frå idrettslinja frå Høgskulen i Bø. Tilbodet vil truleg vere i gang frå september 2018 og blir ein del av det ordinære SFO-tilbodet. Nøyaktig innhald og meir informasjon om ordninga må vi kome tilbake til etter sommarferien.

Elevane i 5.-7. klasse vil ha full skuledag alle dagar 08.40-14.20.

BETALING SFO 2018-2019

Dekning	Inntil t/veka	Pris per månad	Søskenmoderasjon 50 %
Full dekning 1.-4.klasse	23	2 700 kr	1 350 kr
¾ dekning	17	2 100 kr	1 050 kr
½ dekning	12	1 500 kr	750 kr
¼ dekning	6	700 kr	350 kr

Det vil bli redusert foreldrebetaling (50%) for familiar med samla inntekt under 200 000 kr.

SKYSS.

Det vil vere skyss om morgon som vanleg, på skulen om lag 08.30, og skyss heim til vanleg tid, 14.20. Elevar på 1.-4. trinn som har rett til skyss må vente på skulen inntil den ordinære skyssen reiser. Desse elevane har rett til tilsyn i ventetida, slikt tilsyn vil bli lagt til SFO og vere gratis.

Seljord 26.2.2018, Kommunalsjef skule og oppvekst.

Fylkesmannen i Telemark

Sakshandsamar, direktetelefon
Didrik Bloch Haugland, 25 58 63 62

Vår dato
01.03.2018
Dykkar dato
19.02.2018

Vår ref.
2018/796
Dykkar ref.

Seljord kommune
v/Ronde Schade
Brøløsvegen 13 A
3840 Seljord

Svar på spørsmål om midtskyssordning - Seljord kommune

Fylkesmannen i Telemark viser til deira e-post angåande tilbod om midtskyssordning hausten 2018 i Seljord Kommune.

Utgangspunktet

Ordninga med midtskyss etter den gamle lova og forskrifta gjeld ikkje lengre. Det er opplæringslova med forskrifter og forarbeid som må leggjast til grunn for tolkinga av regelverket.

Utgangspunktet etter opplæringslova § 7-1 første ledd er at «Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Utgangspunktet er at elevane som oppfyll vilkåra om å bu meir enn to/fire kilometer unna skulen, eller har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett til gratis skyss til og frå skulen. Dette er ein individuell rett som gjeld kvar enkelt elev som oppfyll vilkåra i opplæringslova § 7-1 første ledd.

Kor lang reisetid?

Eit spørsmål i samband med dette er kor lang reisetida kan vere for elvane. Av rundskrivet Udir 3- 2009 følger det at *«Departementet understrekar at skoleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmidel sjåast i samanheng."*

Kva er den totale lengda på reisetida?

Eit spørsmål er kva som reknast som den totale lengda på reisetida. Reisetida startar frå eleven forlét heimen og til opplæringa tek til. I det augneblikket opplæringa er ferdig, startar reisetida igjen, heilt fram til eleven er attende i heimen. Eleven si gangtid til der skyssen organiserast frå, ventetida før skyssen tar til og sjølve reisetida utgjer dermed den totale reisetida.

Når skal skyssen være tilgjengeleg for elevane etter skuleundervisninga er ferdig?

Eit neste spørsmål er når elevane som har rett til skuleskyss skal kunne forvente å ta skyss heim etter at opplæringa er ferdig. Retten til skyss heim frå skulen startar med ein gong i det opplæringa tar slutt. Ettersom SFO ikkje reknast som opplæring, men som ei frivillig ordning elevane kan delta på, er

utgangspunktet at retten til skyss heim gjeld etter at opplæringa er ferdig, og ikkje etter at SFO/tilsyn er ferdig.

Akseptabel reisetid

Eit vidare spørsmål er kva som reknast for akseptabel reisetid for eleven. I brev frå Udir til fylkesmannen i Møre og Romsdal den 04.02.2013 følger det at *«jo lengre reisetiden er, jo mindre ventetid kan aksepteres, og omvendt. Siktemålet er at samlet reisetid og ventetid skal være kortest mulig, samtidig som hensynet til en rasjonell organisering av skyssen ivaretas.»*

Kor lang reisetida kan være må vurderast for kvar enkelt elev. Som tidlegare nemnt er grunna til dette at retten til skyss er individuell. Det som reknast for «akseptabel reisetid» for ein elev, kan difor reknast for «uakseptabel reisetid» for ein anna elev.

Kan eleven delta i SFO/tilsyn før skyssen heim tar til?

Vidare er spørsmålet om eleven kan delta i SFO/tilsyn før skyssen heim startar. Dette kjem an på ein konkret vurdering av om eleven det gjeld, får ei akseptabel reisetid. Det er skuleeigar som må ta denne vurderinga. I eit tilfelle der eleven deltek i SFO/tilsyn, reknast dette som ventetid, og denne tida inngår difor i den totale reisetida til eleven.

Det er fleire omsyn å ta når ein skal vurdere kva som er akseptabel reisetid. Eit relevant omsyn er at eleva får tilstrekkeleg fritid og tilstrekkeleg tid i heimen. Dette talar for å avgrense reisetida. Eit anna omsyn er effektiv og rasjonell organisering av skyssen. Alderen til eleva er også relevant for vurderinga, og skuleeigar har ansvar for at de yngste elevane får så kort reisetid som mogleg. Kva som er akseptabel reisetid må derfor avgjerast etter ei konkret vurdering.

Forholdet mellom retten til skyss og bruk av SFO/tilsyn

Eit vidare spørsmål er korleis retten til skyss fungerer når elevar veljar tilsyn /SFO etter end opplæring. Udir si tolkingsfråsegn frå 03.12.2014 omhandlar forholdet mellom retten til skyss og bruk av SFO/tilsyn. I tolkinga vert det framheva at etter dagens regelverk har barna ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Det er opp til kommunen og fylkeskommunen om det blir lagt til rette for at barna som deltek på skulefritidstilbodet, gis tilbod innan skoleskyssordninga. Elevane har førebels ikkje rett på dette.

Utgangspunkta er difor at skulen berre pliktar å tilby skyss etter opplæringa er ferdig ettersom dette er ein rettighet elvene har.

Vidare er det slik at dersom elevane har rett til skyss heim etter skuleundervisninga så kan dei velje heilt sjølv (i samråd med sine forsette sjølvsagt) å delta på SFO/tilsyn de dagane dei ønskjer. At dei veljar SFO/tilsyn framfor å ta skyss heim etter undervisninga er ferdig endrar ikkje det faktum at elevane har rett til skyss når dei ikkje deltar i SFO/tilsyn.

Retten deira til skyss stoppar ikkje å gjelde om elevane ønsker skyss på dagar som ikkje er faste og bestemte. Vidare er det slik at elevane ikkje har plikt til å delta på SFO/tilsyn dei dagane vedkommande har blitt innvilga. Dei dagane dei veljar å ikkje delta på SFO/tilsyn har elevane dermed rett på skyss heim etter end opplæring.

Kilde:
Rundskrivet Udir 3- 2009:
https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Skyss-til-skolefritidsordningen/

Brev frå Udir til fylkesmannen i Møre og Romsdal den 04.02.2013:

https://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/tolkningsuttalelser/1/ventetid_skyss.pdf

Med helsing

Solrun Nistad Fleischer
utdanningsdirektør

Didrik Bloch Haugland
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Telemark Bilruter AS
Postboks 34, 3835 Seljord
Telefon: 35 06 54 00
Telefax: 35 06 54 01
E-post: post@telemarkbil.no
Internett: www.telemarkbil.no
Bankkonto: 2711 05 02600
Org.nr. 924 099 658 MVA

Seljord Kommune
v/Ronde Schade

Seljord 15.02.2018

Midtskyss Seljord

Refererar til henvendelse der du spør om estimert pris på midtskyss for **Seljord** og **Flatdal** skule for klassetrinn 1. til og med 4. klasse.

Det vil då bli behov for kjøre elevane heim på eit **tidlegare tidspunkt måndag, onsdag og fredag.**
Dette vil bli løyst ved at elevar retning Vefall nyttar Telemarkekspressen, elevar til Åmotsdal vil fylgje eigen minibuss, og elevar til Seljordshei nyttar eigen minibuss. Dei andre elevane vil få skyss med undertransportørar.

Estimert pris for dette er mellom 650 000 og 700 000 kr ex. mva

I tillegg kjem billettpris som er tur/retur barnetakst for ein dag meir i forhold til dagens situasjon.

Pris er kalkulert i forhold til dei elevane som går på skulen skuleåret 2017/2018. Prisen vil kunne avvike seinare år avhengig av antall elevar og bustadsadresser.

Det er ein føresetnad at sluttider for midtskyss blir tilpassa for å kunne fylgje rute NW182 Telemarkekspressen kl 11:35 og at sluttid i Flatdal blir justert slik at det passar med avreise frå Seljord. Dette vil sei at transporten går frå Seljord Skule kl 11:30 og Flatdal skule kl 11:45

Venleg helsing

Eivind Torsdalen
eivind.torsdalen@telemarkbil.no
Tlf. 350 65 400
Dir. 350 65 412
Mobil. 918 96 134

Fra: Tore Felland Storhaug (Tore.Felland.Storhaug@t-fk.no)
Sendt: 22.02.2018 09:22:34
Til: Ronde Schade
Kopi: Hilde Løvmo; 'Eivind Torsdalen'; Thorolf Kasin

Emne: VS: Tilbod om "midtskyssordning" 2018/19 - Seljord kommune
Vedlegg:
Fylkeskommunen har sett nærare på ynskjet frå Seljord kommune, og gjer følgjande vurdering av saka:

Problematikken gjelder skoleskyss/hjemkjøring for småskolen til avvikende tid (3 kortere skoledager pr uke). Regelverket vårt (vedtatt av Fylkestinget) sier at fylkeskommunen har ansvar for én tilkjøring og én hjemkjøring pr dag, «i tilknytning til skolens ordinære start- og sluttid». Vi har ikke brukt ordet «midtskyss» (selv om det begrepet fortsatt «lever» ute i kommunene). I retningslinjene våre er det videre sagt at ordinær start- og sluttid vil si *de tidspunkt der flertallet av skolens elever starter/slutter skolen. Altså: én transport TIL skolen og én transport FRA skolen pr dag*.

Regelverket:
1.3 Skyssansvar
1.3.1 Fylkeskommunens ansvar
Fylkeskommunens ansvar for skyss gjelder tilkjøring og hjemkjøring tilknyttet skolens ordinære start- og sluttid jfr skyssrettighetene nevnt i punkt 1.2.A – 1.2.G.

Retningslinjene:
4.4 Tidspunkt for skyss
Kilde: Opplæringsloven §§ 7-1, 13-4, Ot.prp. nr. 46 (1997-1998)
Skyssrett gjelder på ordinære skoledager i henhold til felles, fastsatt forskrift til skolerute. Forskriften er utarbeidet av fylkeskommunen v/ Opplæring og KS-forum for utdanning. Dersom skoleruta i en kommune avviker fra denne, må kommunen selv betale alle kostnader knyttet til skyss på avvikende dager. I slike tilfeller må kommunen selv bestille skyss direkte hos aktuelle transportører.

Fylkeskommunen har ansvar for én tilkjøring og én hjemkjøring pr dag, tilknyttet skolens ordinære start- og sluttid. Skolens ordinære start- og sluttid er de tidspunkt flertallet av skolens elever starter/slutter. Fylkeskommunen dekker som hovedregel ikke skyss utenom disse tidene.

Dersom kommunen velger å organisere skoledagen slik at elever ved samme skole starter og/eller slutter til ulike tider, er kommunen økonomisk ansvarlig for ekstra kostnader til skyss. Dette kan for eksempel gjelde ved kortere siste skoledag før juleferie/sommerferie, skoleavslutning, kveldsarrangement, forskyvninger i skoletiden, fleksibel skoletid eller at elevene jobber med lekser på skolen.

Slik vi praktiserer pr i dag:
Ut fra dette må/kan Seljord kommune selv definere hvilken sluttid som gjelder «flertallet av skolens elever». Dersom kommunen legger opp til 2 hjemkjøringer pr dag (3 dager pr uke), dekkes den ene hjemkjøringen pr dag av fylkeskommunen.
Det vil være kommunens valg om kommunen ønsker å tilby (gratis?) SFO eller annet tilsyn frem til ordinær skoleslutt – eller om kommunen dekker en ekstra hjemkjøring for småskolen de 3 dagene pr uke.

Vidare heiter det i § 13-4 i opplæringslova: «Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje vert samde om korleis skuleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gje pålegg.» Dette myndet er delegert til Fylkesmannen.

Med vennlig hilsen

Hilde Løvmo
rådgiver / avdeling for areal og transport
T: 35917101 / M:
Tlf.tid kl 0900-1100 og kl 1300-1430

Tore Felland Storhaug
Rådgjevar
Tlf. 47415482

www.telemark.no/skoleskyss

www.telemark.no / facebook

TELEMARK
fylkeskommune

Fra: Ronde Schade [mailto:ronde.schade@seljord.kommune.no]
Sendt: 19. februar 2018 20:40
Til: Hilde Løvmo <Hilde.Lovmo@t-fk.no>
Emne: Tilbod om "midtskyssordning" 2018/19 - Seljord kommune

Kommunestyret i Seljord har bedt meg lage ei politisk sak om fem dagar skule for dei minste elevane i grunnskulen frå hausten 2018. Fram til no har dei minste elevane våre hatt ein fridag og fire lange skuledagar.

For at elevane skal få rett timetal ift fag- og timefordeling ser vi på eit oppsett med **tre korte dagar og to lange, ordinære dagar**. Same timetal, bare fleire dagar. Dei tre korte dagane vil dei vere ferdige litt før kl 12.00. Det vil bli oppretta SFO-tilbod frå og med kl 12.00 desse tre dagane.

Eg har fått kostnadsoverslag frå lokal transportør (Telemark bilruter) ift skyss heim kl 12.00 for denne gruppa med elevar, det er sjølvsagt relativt kostbart.

Er det rett at elevane ikkje har rett til såkalla "midtskyss" kl 12.00, men **må** velje SFO/tilsyn fram til ordinær skyss kl 13.50. Eg oppfattar at Oppll.§§7-1 og 7-4 må sjåast i samanheng og at "midtskyss" ikkje er brukt i lov/forskrift. Men i og med at dette er elevar i 1.-4.klasse er ventetida frå 12-13.50 relativt lang og elevane vil ha rett til tilsyn. Stemmer? I så fall bør/må vi vurdere å gi enkeltelevar tilbod om gratis tilsyn/SFO desse timane, tre dagar i veka.

Kjekt med tilbakemelding om at vi er på rett spor, eller om du har tips/råd om dette. På førehand takk og fortsatt god vinterferie.

Pris SFO. Nye satsar frå og med 01.01.2018.

Seljord og Flatdal SFO:

Dekning	Timar i veka	Kostnader pr månad	50%
Full dekning 1.-4.klasse	23,0 t/v	2.670,-	1.335,-
1 heil dag, torsdag	9,0 t/v	1.050,-	525,-
4 dg. morgon/ettermiddag	14,0 t/v	1.630,-	815,-
4 ettermiddagar	10,0 t/v	1.160,-	580,-
4 morgon	4,0 t/v	930,-	465,-
3 dg. morgon/ettermiddag	10,5 t/v	1.220,-	610,-
3 ettermiddagar	7,5 t/v	930,-	465,-
3 morgon	3,0 t/v	930,-	465,-
4 ettermiddagar + heil torsdag	19 t/v	2.204,-	1.102,-
3 ettermiddagar + heil torsdag	16,5 t/v	1.914,-	957,-
3 morgon/ettermiddagar + heil torsdag	19,5 t/v	2.262,-	1.131,-
2 ettermiddagar + heil torsdag	16 t/v	1.856,-	928,-

Betalinga i SFO blir rekna ut frå 116,- kr x talet på timar ein nyttar i SFO per veke, avrunda til nærmaste heile tiar.
Minimumsbetalinga per månad inntil 8 t/v. er kr 930,-

- Kost per månad: kr 25,- pr dag i veka
- 50 % syskenmoderasjon
- Rein morgonplass betaler ikkje for mat
- Morgon = 1 time
- Ettermiddag = 2,5 timar
- Kjøp av ekstra timar: kr 60,- per time + kr 30,- per dag for kost.
  Det er syskenmoderasjon på kjøpetimar.
- Kjøp av heile dagar i feriar: kr 200,- + kr 30,- for kost per dag.
  Det er syskenmoderasjon på feriedagar.
- Fast betaling for SFO dekker 10 månader og fylgjer skuleruta. Bruk av SFO i feriane er basert på kjøp av ekstra dagar.

Kommunestyret i Seljord har vedtatt å innføre femdagersskole for 1-4.klasse fra høsten 2018. Dette etter å ha hatt forslaget ute på høring blant foreldre, skoleledere, og ansatte i skole og barnehage. Den samla tilbakemeldingen var at oppstart høsten 2018 var for tidlig, med tanke på organisering av både SFO-tilbud, og skyss av elever. Rådmann og kommunalsjef gikk også inn for å utsette oppstarten.

«Opprop mot innføring av femdagarsskule hausten 2108» er en gruppe foreldre fra hele kommunen, som har engasjert seg for å få politikerne til å snu i denne saken. Gruppa har pr. i dag 107 medlemmer. Vi etterlyser både svar på hvorfor dette er vedtatt allerede fra høsten 2018, og på hvilket grunnlag det er stemt for. Vi ønsker et bedre og mer forberedt tilbud til våre barn enn det som nå foreligger fra kommunen, og håper å nå fram med dette oppropet.

« Vi som er imot innføring av femdagersskule høsten 2018 »

Gunhild flatland

Kevin Rue

Sigrid Blika

Olav Bakkemoen

Gunhild Sudgarden

Renata Lemanska-Zysk

Bård Gunnar Groven

Vidar Sudgarden

Siv Maria Gjerlid

Frode Flatland

Veronica Rue Flatland

Gunleik Mæland

Turid Sudgarden

Kristine Nystad

Eystein Haugen

mottatt ved besøk på kontoret 21/3-18

John Olav Lia

Gry Anita Åsland

Randi Øygarden

Beate Våge Lia

Solveig Helene Jenssen

Hege Reinhartsen Øverland

Torje Aasan

Jørgen Angre

Aminata Jennifer Marilyne Traore

Ingvild Haugerud Øverland

Veronica Sølyst

Knut Inge B. Skoland

Sara Fjågesund Aase

Heidi Eilefsen

Hans Olav Laukelid

Grete Venås

Unni E. Øygarden

Hege Ann Skaret

Anne Berit Øygarden

Thomas Angre

Thomas Falck

Randi Merethe Luseter

Lisbeth Eidal

Krzysztof Zysk

Liv Kjersti Kleiv

May Linn Fugelsøy

Marieke Nieuwenhuize

Hanne Christine Smeland

Kristin Aamot

Magnhild Romtveit

Hilde Laila Dyrland

Helen Rosnes Svartdal

Line Dahl Haugholmen

Tarjei Mæland

Lina Aasan

Lisbeth Steinmoen Odden

Jane Rue

Ole Petter Lindvik

Ane Flatland

Anita Haugan

Kristin Kusslid

Ole Vidar Rinden

Kjersti Aase

Per Magne Eikåsen

Vibecke Orkås

Hans Magne Svartdal

Turid Opsund Mæland

Aina Tveit

Guro Mæland

Mona Skogheim

Gro Marita Brauti

Marte Kildal

Stine B. Skoland

Åshild Gjersund Kvålsgård

Annar Schjølberg

Eivind Aase

Heidi Helene Røyneberg

Vilde Vosgraff

Johannes Grøstad Barstad

Thomas Haugan

Jørund Telnes

Sondre Aasan

Siv Omtveit Aasan

Anita Skogheim

Jon Steinar Gustavsen

Flatdal, 05.03.18

OPPROP MOT FEM DAGARS SKULE I SELJORD HAUSTEN 2018

Vi viser til det nye skrivet om fem dagars skule frå kommunalsjef Ronde Schade, datert 26.02.18. Saka om fem dagars skule har vore oppe til diskusjon i kommunestyret våren og hausten 2017. Som foreldre blei vi inviterte til å koma med innspel til kommunens vedtak om å gjennomføre fem dagars skule frå hausten 2018. Sjølv om administrasjon, skuleleiing og FAU meinte det var naudsynt å vente med innføring av fem dagars skule, valte posisjonen i Seljord kommune, ved Høgre, Arbeiderpartiet og KrF, og gå mot desse uttalene. Å legge så lite vekt på uttalene frå dei denne saka gjeld, syns vi er arrogant. På kva grunnlag og med kva kompetanse, kan posisjonspartia meine at dette er til det beste for barna våre? I teksten under vil vi ta for oss poeng vi syns er viktige å få fram i denne saka.

Eit av hovudargumenta for gjennomføring av fem dagars skule er å auke prestasjonsnivået i grunnskulen i Seljord (Referat frå FAU-møte i Flatdal, 17.01.18). Ved å ha fleire dagar med færre timar per dag, argumenterast det for at elevane vil få eit større læringsutbytte. I det siste brevet frå kommunalsjef Ronde Schade (26.02.18) er det foreslått at skuleveka skal organiserast i tre kortare dagar (måndag, onsdag, fredag) fram til ca kl 12. Tysdag og torsdag skal elevane gå på skulen til ca kl 14. Dette høyres vel og bra ut, heilt til ein les det siste avsnittet i brevet. Her står det at «Elevar på 1-4 trinn som har rett på skyss må vente på skulen inntil den ordinære skyssen reiser. Desse elevane har rett på tilsyn i ventetida. Slikt tilsyn vil bli lagt til SFO og vera gratis.» Dette er i bunn og grunn tvungen SFO! Det burde vera eit krav at 1-4 klassingar som ikkje nyttar SFO og samstundes bur så langt unna skulen at dei treng skyss, får dette når skuledagen er slutt. Slik forslaget står no, får elevar i 1-4 klasse like lang skuledag som elevar i 5-7 klasse, fem dagar i veka. Om skuledagen sluttar kl 12, og det blir meir leikprega opplegg fram til ca kl 14, endrar ikkje det tida dei faktisk må vera på skulen.

Som foreldre må ein nok innsjå at fem dagars skule er noko som før eller seinare vil bli innført, også i Seljord kommune. Det vi stiller oss svært kritiske til, er korleis posisjonen har latt vera å teke omsyn til samtlege uttalar frå rådmann, kommunalsjef, skuleleiing, FAU og foreldregruppa. Ein kan lure på om dette har blitt ei fanesak for politikarane der ordninga skal opp og gå, koste kva det koste vil, utan omsyn til kva opplegg elevane får. Det at dei i tillegg påstår at vedtaket skal «forankrast i foreldregruppa» kjennest som eit slag i trynet, ettersom det virkar som ingenting av det som kom fram i høyringsuttalene har blitt tatt til etterrettning. Oppdraget med å sy saman eit fullverdig skule- og SFO-tilbod, samt skyss, har politikarane kasta over på skuleleiing og kommunalsjef. Dei sit no med ein stor og vanskeleg jobb med å lage eit godt opplegg som skal fungere allereie frå hausten 2018.

I skrivet frå kommunalsjefen (26.02.18) er det mange lause trådar: «det vil *truleg* bli matpause frå *om lag* kl. 11.30 til 12», «tilbod om leksehjelp måndag og onsdag frå *om lag* kl. 12-13», «SFO vil vera oppe frå *om lag* kl 12 måndag, onsdag og fredag», «tilbodet (frå

idrettslaget) vil *truleg* vera i gang frå september 2018». I drøftingsnotata som blei sendt ut tidlegare i haust, var det lovnadar om å få inn kulturskule- og idrettsaktivitetar i SFO-tilbodet. Det som no er skissert, er ein dag med leikprega aktivitetar i regi av Seljord idrettslag, og leksehjelp to dagar i veka. Her kjem det tydeleg fram at ein ikkje har lukkast i å lage eit fullverdig opplegg, slik tanken var. I referatet frå FAU-møtet 17.01.18 står det: «Det understrekas at lite tid til planlegging vil føre til eit «prøveår» rundt innhald. Det vil vera ein dynamisk prosess før ein landar eit opplegg som fungerer godt.» Vårt spørsmål til politikarane er: Kvifor vel ein å innføre eit tilbod der borna i realiteten får lengre skuledagar, utan eit betre opplegg i SFO-tida?

Vår klare oppmoding til posisjonspartia er:
VENT MED INNFØRING AV FEMDAGARS SKULE FOR 1-4 KLASSE TIL EIT BETRE TILBOD ER PÅ PLASS, tidlegast hausten 2019!

Vi utfordrar posisjonspartia til å gje oss eit svar på dette oppropet!

Beste helsing

Gunhild Flatland og Sara Fjågesund Aase
(foreldre ved Flatdal skule)

Seljord 3.april 2018

Uttale frå lærarstaben ved Seljord barneskule.

Seljord kommunestyre har fremja forslag om 5-dagars skuleveke for elevane i 1.-4.kl.

I mange år har alle elevane i småskulen her i Seljord hatt fire lange dagar på skulen med seks undervisningstimar kvar dag. Dette har vore for å tilpasse skuledagen til skuleskyssen kl 14. Vi har lenge sett at så lange styrte «arbeidsdagar», særleg for dei yngste elevane, har vore krevjande. For 5-6 åringar kan det vere utmattande og lenge å henge med i faste, styrte og organiserte skuletimar, motivasjonen kan falle. Hattie (2009) viser at motivasjon har sterk effekt på elevens læring. Vi ser at det særleg er vanskeleg for ein del av gutane. På nasjonale prøver er det fleire gutar enn jenter som presterer på lågaste nivå i lesing (Udir.no.nasjonaleprøver 2017).

For å gjere skulestarten og overgangen frå barnehage til skule betre for ungane våre, meiner vi at kortare dagar med undervisning fordelt ut på ein ekstra dag, vil vere gunstig – både med tanke på læring og på trivsel.

Leik er ein viktig faktor i barns liv og utvikling. Med kortare skuledagar vil leiken, bl.a. på SFO, få betre kår. Leiken har stor eigenverdi, men den fungerer også som avkopling frå konsentrasjon om skulefag. Karen Christiansen ved Norges idrettshøgskule viser i si doktorgradsstudie at den frie leiken er viktig for barns læring. Forsking viser at kvile og avkopling er like viktig som sjølve læresituasjonen når vi skal lære nye ting. Såleis vil kortare skuledagar for elevane bli ei gunstigare fordeling mellom undervisning/læring og leik/avslapping.

Vi lærarar ved Seljord barneskule meiner 5-dagars skuleveke vil vere eit godt pedagogisk verkemiddel for å auke både læring og trivsel.

Helsing lærarstaben
ved Seljord barneskule.

Flatdal skule

JORD KOMMUNE
Ar/Sak 2017/1754
2 NOV 2017
Saksb.

23.10.17

Høyringsuttale frå Elevrådet og elevane ved Flatdal skule 4.,5.,6. og 7.klasse

5- dagars skule:

4. klasse: halvparten var for 5- dagars skule og halvparten var i mot. (det er 6 elevar i denne klassa)
5., 6. og 7. klasse ynskjer ikkje 5 dagars skule for 1.-4.klasse.

Årsak:

- Halvparten av 4.klasse ynskjer meir tid til å vere med venner, av den grunn 5 dagar på skule.
- Den andre halvparten ynskjer ein fridag til å gjere noko anna enn skule.
- 5., 6. og 7. klasse syns det er fint å ha ein dag på skulen utan småskulen.
- 5., 6. og 7. klasse meiner at 1.- 4.klasse lærer like mykje med 4 lange dagar, som 5 korte dagar.

Matservering på skulen:

- 7. klasse: Det er bra med matservering, men då må det vere ein kokk som lagar maten, eller at me kjøper mat frå Dyrskuen arrangement. Det er viktig at det er ein serveringsstad der elevane kan hente maten.
- 6. klasse: Dei vil ha matservering. Det er ynskjeleg med varmmat 1- 2 gonger i veka. Dei ynskjer ein kokk til å lage maten.
- 4. og 5. klasse: Dei syns det er fint med matservering. Lettvint å sleppe å smøre niste. Dei ynskjer og varmmat 1 dag i veka.

Helsing Elevrådet og elevar ved Flatdal skule

Viljar Våge lia Aurora Haugen Julianne Dyrland

Viljar Våge Lia (7.kl), Aurora Haugen (6.kl), Julianne Dyrland (5.kl)

Aslak Haugetuft

Aslak Haugetuft (4.kl)

Jorunn Hegni
Elevrådsansvarleg (referent)

Fra: Mona Skogheim (monaskog@gmail.com)
Sendt: 15.11.2017 23:37:02
Til: Ronde Schade
Kopi:

Emne: Re: Verdrørende 5-dagersskole og skolemat på barneskolen
Vedlegg:
Hei. Sender deg noen lenker til et par forskere og deres syn og referanser.
Mvh Mona Skogheim

http://m.side2.no/aktuelt/derfor-br-barn-kun-ga-pa-skolen-fire-dager-i-uka/3423135244.html

https://www.vg.no/nyheter/innenriks/skole-og-utdanning/forsker-vil-ha-firedagersskole/a/501608/

https://www.nrk.no/norge/--boikott-heldagssskolen_-1.5912590

. 5. nov. 2017 kl. 16.36 skrev Ronde Schade <ronde.schade@seljord.kommune.no>:

> Hei og takk for svar. Eg vil gjerne ha namna på dei aktuelle forskarane. Har du namn/kjelde eg kan bruke til seinare?
>
> **Fra:** Mona Skogheim [mailto:monaskog@gmail.com]
> **Sendt:** 3. november 2017 14:01
> **Til:** Ronde Schade
> **Emne:** Verdrørende 5-dagersskole og skolemat på barneskolen
>
> Støtter ikke 5-dagersskole eller skolemat
>
> Flere forskere hevder at 4 dager på skolen er bra for elevene. De trenger en dag *av* for å være mer opplagt til å lære godt og ta inn kunnskap de andre dagene. I tillegg er vi redde for at om vi omorganiserer til 5 dagersskole, vil det litt etter litt bli flere timer på skolen som vil bli organisert slik at det går utover frileken til ungene. Altså mer skole, sitte stille og organisert leik/tid. Tenker spesielt på hva som skjedde da 6-åringene skulle begynne på skolen. Det skulle være mest leik og mye leikbasert læring. Nå er læringstrykket skyhøyt, og de får mindre og mindre tid til å utforske og være nysgjerrige. Resultatet er ofte skoleleie unger som tidlig føler at de ikke mestrer. Skole blir kjedelig.
>
> Hvis de skal gå 5 dager på skole, vil uansett dagene bli lange og fylt av skole, lekser, organisert aktivitet og styrt leik/samvær. Slik det er i dag kan foreldre velge om de skal ha SFO-plass eller ha ungene hjemme. Ønsker å beholde en slik fleksibilitet.

Når det gjelder skolemat på barneskolen, er vi redde det vil stjele tid fra tid i friminutta, fordi det tar tid for unger å smøre mat og vente i kø. Da får de mindre tid til leik i friminutta. Det er enkelt og greit med matpakke for unger i barneskolen. La dem ha noe å glede seg til på ungdomsskolen. En annen ting vi lurer på, er hvor pengene skal tas fra, siden vi i kommunen er blitt bedt om å spare? Går det da utover det pedagogiske tilbudet til elevene? Større grupper med elever og færre voksne i klasseromma? En annen utfordring på barneskolen er plass. Slik det er nå har de for få rom til å drive ulik type undervisning. Skal det brukes penger på å bygge ut?

Når det gjelder prosess, synes vi drøftingsnotatet vi fikk var tynt og sa lite om organisering, hensikt og pris. Det fulgte ikke med noe begrunnelse for hvorfor dette er ønsket og heller ikke noe dokumentert forskning med ulike synspunkt på 5-dagersskole. Synes denne prosessen burde startet tidligere med fellesmøter der vi kunne stille spørsmål og fått svar. Man kan ikke forvente at FAU kan svare på spørsmål fra foreldrene.

Ønsker å beholde 4 dagers uke, og ikke ha skolemat på barneskolen.

Mvh Camilla Flatland og Mona Skogheim

Til 5-dagers skole, skolemat og leksefri.

Vi håper at Seljord kan ta vare på 4-dagers skole for småskolen. Den ene fridagen er gull verd! I dag er de aller fleste hjemme på denne dagen og får verdifull tid sammen med familien. Dersom det blir innført 5-dagers skole, vil det være flere barn som må benytte SFO og mindre tid til å være med familien.

Skolemat. Dersom jeg har forstått det riktig, så må det et helt nytt bygg til for å få til en skolemat ordning. Det må også kokker til og mye tilrettelegging i forhold til allergier etc. Å bruke masse penger på et sted der ungene kan smøre felles brødskiver, virker på meg veldig meningsløst. Jeg ser heller at de pengene blir brukt til noe som kommer barna til gode.

Leksefri for hele skolen er VELDIG BRA! Det tar mye av barna sin fritid, det blir krangling hjemme, større skille mellom barn med og uten ressurssterke foreldre og viser ikke til mer læring. Heller tvert om.

Så JA til leksefri skole, NEI til 5 - dagers skole og skolemat.

MVH Julia Skaara Wik

Seljord Kommune Administrasjon
v/ Kommunalsjef Ronde Schade

Flatdal 02.11.17

Innspel til Drøftingsnotat 2017/18

Viser til ny samfunnsplan for Seljord Kommune 2017-2029 der det blir invitera til drøfting rundt kva som skapar det gode livsløp. Det er svært positivt at barn og unge skal ha eit særskilt fokus i planperioden.

Vi i FAU v/Flatdal skule vil nytte høve til å kome med innspel til tre saker på vegne av foreldre/føresette ved Flatdal Skule.

Fem dagar skule for alle elevar

Innspel frå foreldre/føresette til dette forslaget er sprikande. Nokre er positive, men meiner tilbodet som då vil bli gjeve i utvida SFO-tid er lite konkret og saknar nærare planar for dette. Dei aller fleste set stor pris på torsdagsfri for dei yngste elevane og eit fleirtal av foreldre/føresette ved Flatdal Skule er imot å ha fem dagar skule.

Viser til eige uttale frå foreldre i 1.klasse (VTB 1.11.17).

Øvrige tilbakemeldingane er:

- Me støttar uttalelsen frå foreldre i 1.klasse
- Dette er for svada til å ha noko meining om.
- Eg har ikkje tru på at AKS-tilbod og andre tilbod blir gjennomførbart i utkanten av sentrum. Stort sett all aktivitet er organisert på dugnad av foreldre som ikkje har anledning til å stille opp på dagtid.
- Eg trur ungar som ikkje kjem seg heim etter avslutta skuledag har meir utbytte av ein fridag i veka. Det er lange dagar for dei små, og det er ikkje realistisk at foreldre kan slutte tidlegare på jobb for å hente dei. I praksis vil dette sei 5 fulle dagar istadenfor 4 fulle dagar.
- Kan me skjerme 1.klasse frå denne ordninga? Dei er berre 6 år.
- Øvrige kommunar rundt oss har framleis torsdagsfri, vi er difor ikkje einaste med denne ordninga. Nær sagt alle heimar får til å organisere seg etter dette, og kun èin elev søkte SFO på torsdag skuleåret 17/18.
- Ungane responderer positivt på skulefri-dag i veka. Me slepp å stresse med lekser onsdagskveld, ungane treng ikkje opp kl halv sju, og dagen kan brukast til gjeremål som tannlege/frisør/husarbeid, sosiale og fysiske aktivitetar med vener.
- Eg ser fram til femdagars skule for då kan eg jobbe 100%.
- Me trur dette er eit godt tiltak. Nå kan lærarar organisere dagen betre med større bolker og lengre pauser. Ikkje sikkert borna blir så slitne av skuledagen som dei kan vera nå.

Eit samla FAU ser det som vanskeleg gjennomførbart å betjene ei stor gruppe elevar i 1.-4.klasse i ei utvida SFO-ordning i dagens skulebygg. Noverande SFO har 24 born, og grupperommet er for lite for denne gruppa. Dei tel ca 1/3 av heile 1.- 4.klasse.
Vi viser til «Oppsummering etter tilstandsrunde, Flatdal Skulebygg» der dette utgreiast grundigare.

Matservering i skulane

Innspel frå foreldre/føresette er einsarta positive til matservering i skulane.

- Heilt supert! Det er sosialt, lærerikt og smakar betre.
- Ungane bør vera med å tilbrede, dekke på/rydde av og organisere dette som eit ledd i opplæringa.
- Varm mat ein dag i veka er altfor lite! Dei bør utnytte potensiale i avsatt tid til å lære elevar å tilbrede god mat, sunn mat og annleis mat – ikkje berre kjedeleg brødskive m/pålegg.

Eit samla FAU stiller seg bak tilrådinga om at ressursar til assistentar og kjøkkenhjelp må vera fullfinansiert av kommunen. Vi meiner også at det bør vera varmmat minst ein gong i veka.

Vi viser samtidig til «Oppsummering etter tilstandsrunde, Flatdal Skulebygg» og meinar at dagens skulebygg gjer mattilbereding og matservering vanskeleg gjennomførtbart.

Lekser i skulen

Innspel frå foreldre/føresette er einsarta positive til å prøve ut leksefri skule.

- Utelukkande for. Dagane er lange og lekser kan vera stress og belastande sjølv om lærarar som regel er flinke til å sette opp leksemengde i samsvar med nivå.
- Barna fortjener fri etter skolen som oss voksne.
- Eg er positiv, men syns det er ein uvant tanke som forelder å ikkje skulle fylgje opp skulearbeid som før. Eg håpar ikkje gode arbeidsvanar dei har nytte av seinare i livet forsvinn med dette.

Et samla FAU ser leksefri skule i direkte samanheng med å innføre femdagars skule. Vi er samtidig bekymra for at leksefri skule skal bli «lekseredusert skule» og vil gjerne få klarhet i kva Seljord kommune legg i begrepet «leksefri skule».

Seljord, 27. oktober 2017

Samarbeidsutvalet i Tussejuv barnehage

Seljord kommune

Kommunalsjef Ronde Schade

Høringssvar til kommunedelplan for skule og oppvekst.

1. **Fem dagar skule for alle elevar.**

Su er positive til at det vert innført 5 dagar skule, 3.5 timar frå morgon til lunsj.

Su er positive til at Kulturskule, Idrettslag er med på å utvide aktivitetstilbodet i Sfo. Det kan og føre til at det ikkje blir så travelt for barn og foreldre på kvelden og at det vert mindre kjøring til fritidsaktivitetar.

Korleis skal den gode skuledagen sjå ut?

- Vektlegge jobbing med klassemiljø, relasjonar mellom elevane og relasjon elev – lærar.
- Varierte undervisningsformer
- Tid til leik – leik = læring! Spesielt viktig for dei yngste elevane.
- Fysisk aktivitet, inne og ute
- Uteleik
- Ute skule – bruke skog og mark i alle årstider
- Veldig positive erfaringar med morgonsamlingane som 1-4 klasse har, som også foreldre er velkomne til.
- Veldig positivt at barna får erfaring og opplever mestring ved å framføre for medelevar og foreldre.
- Bruke song og musikk
- Veldig bra med lærarane, også barnehagelærarar som jobbar spesifikt med 1. – 2 klassene.
- Samarbeid mellom klassetrinn
- Sosiale arrangement som t.d. SOS dag. Jobbe saman om felles mål.

2. **Matservering**

Samarbeidsutvalet ser mange positive sider ved at elevane får lunsj på skulen.

Men vil likevel heller prioritere ressursane på å **auke talet på lærarar.**

For samarbeidsutvalet

Gunhild Sundbø , skrivar

Fra: Geir H Haugen (ghhaugen@gmail.com)
Sendt: 01.11.2017 11:55:40
Til: Ronde Schade
Kopi: kevinrue@online.no; ghhaugen@gmail.com; Steinert77@hotmail.com; gryet@hotmail.com; unni_bredesen@hotmail.com; kristin.vaa@sweco.no; bexley07@gmail.com; m-mund@hotmail.com; eilefstjonn@gmail.com; bastuplbn@gmail.com; kristin aamot

Emne: FAU 5 dagers skule og skulemat.
Vedlegg: Screenshot_20171029-195244.png;Screenshot_20171029-195231.png;Screenshot_20171029-195223.png;Screenshot_20171029-195138.png;Screenshot_20171029-195149.png;Screenshot_20171029-195207.png;Innspill.pdf
Hei!

FAU har invertert foreldre til å komme med tilbakemeldinger på høringsforslag fra kommunen vedrørende skulemat og 5 dagars veke for dei minste. Vi hadde satt opp egne møte tirsdag og torsdag forrige uke, samt at vi har fått tilbakemeldinger direkte. Har også lagt ut en uformell avstemning om 5 dagers skole på Facebook i gruppa til 1. klasse.

Har her samlet en oppsummering ut fra tilbakemeldingene vi har fått:

Oppmøte på møte var totalt på rundt 10-12 stk når vi tar med oss fra FAU.

Inntrykket av hva foreldrene tenker er som følger:

5 dagers skole:

Her er foreldrene delt, desto mindre barna er desto større er andelen av foreldre som ikke ønsker 5. dagers skole. I de tidligste klassene så er det en større andel av foreldrene som ikke ønsker 5. dagers. skole. (50-75%). Når barna er eldre så er det motsatt.
Enkelte av foreldrene er syntes det er veldig negativt, og en stor andel av dette igjen er foreldre som i dag ikke benytter SFO på torsdager.
I skrivende stund viser Facebook avstemningen blant foreldre i 1. klasse 18 foreldre mot og 9 foreldre for 5 dagers uke.

Flere etterlyser også noe mer konkret rundt hvordan det praktisk organiseres bl.a med SFO og eventuelle økonomiske konsekvenser.
Det var også ønsket at lærere kunne utalt seg om hva de syntes, for at da foreldrene kunne ha bedre underlag for å gjøre sin vurdering.

Konklusjonen her er at foreldrene er delt, de fleste ser både positive og negative aspekt, men det er en gruppe som er veldig i mot, tør ikke si hvor mange dette er, men inntrykket er at de fleste er i mot, i klassetrinnene som berøres av endringen.

Tillegg:
Har også sett litt på det praktiske med timefordeling. Ut fra drøftingsforslaget så er det lagt opp til 3,5 60 minutt 5 dager i uke noe som da vil gi 17,5 timer. I dag har de 24x45minutt som da er 18 timer totalt? Gjør man da dette om til timer på 45 minutt og pauser på 10 minutt med 30 minutt matpause så vil elevene da måtte gå på skolen fra kl 8:10 til kl 12:50 da mangler man 30 minutt totalt for å ha tilsvarende timeantall som før.
I og med at flesteparten går videre til SFO vil da tilgjengelig "fritid" erstattes med SFO og ikke mer tid hjemme.
Man mister da den muligheten mange har til å ha mer tid med barna og en hel dag hjemme sammen. Når det er sagt så kan det godt være at 1,5 time kortere skoledag er bedre for læringen og det er selvsagt viktig. Her må de som har det

pedagogiske ansvaret komme med sine innspill.

Skolemat:
Fikk ikke inntrykk av at dette var veldig viktig for mange. En innføring av skolemat kan medføre behov for oppgradering av skolelokalene og det er da et spørsmål om dette vil være riktig å prioritere fremfor andre behov som skolen har. Er alternativet å tilby brød og enkelt pålegg så er dagens nisteløsning å foretrekke. Savner også her noe mer konkret hva en tenker seg for notatet tar mest for seg kostnaden til den enkelte, uten å beskrive hva man egentlig ønsker å tilby.

Vedlagt ligger kommentarer som vi så langt har fått fra foreldre. .

Med vennlig hilsen

Geir H Haugen
Leder FAU

---------- Forwarded message ----------
From: **Unni Elisabeth Øygarden** <unni_bredesen@hotmail.com>
Date: 2017-10-29 19:59 GMT+01:00
Subject: FAU 5 dagers skule.
To: Geir Halvor Haugen <ghhaugen@gmail.com>

Hei.
Beklager, men eg har vært på hytta i helga, så ikkje fått sjans til å sende deg før.

Legger ved det som har kommet på foreldregruppe for 2009 så kan du sjå om det er nokon nye poeng der. Trur nokon sender mail til Ronde sjølv.

Eg syns det er viktig å få fram at SFO ikkje må auke pris og at det bør være "gratis" SFO fram til ti på to kvar dag, slik at ikkje alle får ein ekstra utgift på SFO fordi skuledagen blir kortare.

Er positiv til eit varmt måltid i uka feks. Æ det snakk om brødmat kan dei like godt ha niste.

Mvh
Unni 3.kl.

Det kom inn svært få tilbakemeldinger frå Heddli bhg (under fem stk).
Nokre var positive til auka skuleveke, mens andre såg helst at dette ikkje vert innført.

Fem dagar skule for elevar 1.-4. klasse.

Spm rundt dette:

- Kva vil dette ha å sei for prisen på evt SFO-tilbod?
- Starttidspunkt; må dei så tidlig?
- Må ein være tilknytta idrettslaget for å benytte seg av evt tilbod i regi av idrettslaget?

Innspel/tankar rundt dette:

- Fremmer likestilling.
- Kontinuitet i kvardagen.
- Færre brå overganger frå bhg til skule.
- Positivt om det blir tilbod frå kulturskulen, idrettslaget og aktivitetsskole med leksehjelp og pedagog.

Matservering i skulane

Spm rundt dette:

- Er det ressurser til ass/kjøkkenhjelp som har ansvar for heile måltidet? (Både før og etterarbeid)?
- Kor skal måltida være?
- Kva med born med allergier/ matintoleranse?

Innspel/tankar rundt dette:

- Det bør opprettes eigne stillingar som skal organisere dette.
- Måltida må bli lengere.
- Næringsrik kost. Tenk folkehelse.
- Utjamnar sosiale forskjeller.
- Lærer seg bordskikk, sosial omgang rundt måltidene. Det er mykje læring i desse situasjonene.
- Bedre konsentrasjon med mat inn i skulen.

Innspel om høyringsforslag til femdagarsveke

31.10.2017, Seljord

Fyrst vil vi kome med ein kommentar rundt sjølve handsaming av denne saka.

Kor lenge, og på kva måte har kommunen arbeida med saka om ei femdagarsveke? Ut i frå høyringsforslaget kan det sjå ut som dette har vore ein skremjande liten og enkel prosess! Men om me tek feil, vil me gjerne få ein kopi av gangen i saka frå start av.
Det burde vere sjølvsagt å gjennomføre omfattande konsekvensutgreiing og innsamlinga av meiningar for OG imot ei femdagarsveke. Spørjeundersøkingar, ei grundig,økonomisk vurdering av forslaget og diverse analyser er berre nokre få eksempel på måtar ein betre kunne famne ALLE involverte og ALLE sider av saka på. Ikkje berre ein invitasjon sånn på tampen til å offentleg seie meininga si framfor FAU/sjølv gje skriftleg tilbakemelding. Alle er verkeleg ikkje komfortable med å uttrykke eigne meiningar munnleg *eller* skriftleg. Spesielt når me skal uttale oss om noko me ikkje aner korleis kjem til å bli i praksis.
Slik handsaminga kan sjå ut til no, er me skuffa over kor liten rolle me som føresette har fått , og får i denne viktige saka!

For alle er verkeleg ikkje positive til endringa av skuleveka. Me er ein av dei familiane.

- Ei femdagarsveke vil frårøve familien enda meir av retten til å bestemme over eigne barn sin kvardag

Det er vår rett som føresette å vere med på å bestemme om kva som er bra for våre barn. Å velje bort ein dag som fram til no har vore eit naudsynt pusterom i elles krevjande skulekvardag, er ikkje til våre barns beste. Dei treng ro, dei treng å

hente seg inn og dei treng å vere saman med familien sin. Dei nye endringane i paragraf 9a i Opplæringslova peikar på at det skal vere"... *trygt og godt*... " for barna i skulen. Me meiner at skule kvar dag med stadig høgare læringstrykk ikkje er gjev elevane eit *godt* skulemiljø,snarar tvert om. Om fridagen hamnar på ein torsdag, onsdag eller fredag spelar det ingen rolle for oss som føresette. Det viktigaste er at barna vår får *ein* dag til å berre vere barn utan timeplanar og skuleklokker! Om kommunen er redd skulen vil hengje etter fagleg, vil me minne om sjølve grunnlaget for å kunne ta til seg ny læring; nemleg ro! Å ha ro i, og rundt seg, er avgjerande for at ny kunnskap skal feste seg. Eit slikt perspektiv gjer at ein firedagarsveke rett og slett blir ein investering snarare enn eit tap.

- Ein femdagarsveke for alle i 1.-4.klasse meiner me ikkje er ein god inndeling

Det er STOR skilnad på ein elev i fyrste, og ein i fjerde og på kva dei kan tole av timar på skulen. Det naturlege må vere å skilje desse. At femdagarsveke t.d. startar frå og med 3.klasse vil kunne gje ein mykje betre progresjon i skuleløpet. Om ein skal vendte attende til orda "...trygt og godt" i Opplæringslova, trur me også at skulekvardagen for ein liten 5 eller 6-åring ikkje alltid kjennest trygg ut. Frå å vere eldst i barnehagen, og å kjenne på stor grad av meistring, kjem dei no til ein heilt ny kvardag med mange framande og mykje usikkerheit. Det sosiale ved ein stor skule kan vere overveldande for ein liten kropp.

- Ei femdagars veke tvingar oss som føresette til å nytte SFO

Me trur at familien som institusjon er den desidert viktigaste i samfunnet. Og ved å ta bort den eine fridagen og korte ned dagane så drastisk ,gjer kommunen det nærast umogleg å ikkje nytte SFO. Og kva er SFO anna enn eit dårlegare alternativ til barnas eigne heimar? Jovisst er det ein sosial arena for barna, men det behovet blir møtt tilstrekkeleg i skulen og elles. Kor blir det rom til tid med

familien? Me nyttar pr. dags dato ikkje SFO , men om veka blir slik kommunen førespeglar, gjev det oss lite valmoglegheit.

- Ei femdagarsveke gjev stor økonomiske utfordringar både for oss og kommunen

Eit slikt val vil gje behov for auka bemanning på SFO, auka behov for buss/transport og utgiftar til mat på SFO vil og måtte aukast.
Kor tenkjer kommunen å ta desse pengane frå? Me vil gjerne sjå eit budsjett på dette.
Og når skuledagene blir så korte, tvingast me til å nytte SFO, og må då også sjølv betale for det. Fram til no har det faktisk vore mogleg å vere på jobb medan barna er på skulen, men det let seg då ikkje gjere lenger.

- Ein femdagarsveke er ikkje lovpålagt, det er eit val

Kommunen får det til å virke som om ALLE andre kommunar har femdagarsveke, men det er langt ifrå tilfellet. Underteikna jobbar sjølv i Tokke kommune som lærar, og me har fri kvar torsdag. Kviteseid har det, Vinje har det, Hjartdal har det. Og mange fleire.
Kommunen peikar på at det *truleg* vil kome krav til endringar i høve til timetal, men pr.dags dato er de fri til å behalde skulekvardagen som han er. Kvifor endre noko som fungerar? Kvifor ikkje tørre å vere ein kommune som seier at me ventar med slike endringar til me faktisk MÅ?

- Ein femdagarsveke med korte dagar vil gje lite tid til læring

Eit argument er at full skuleveke vil gje betre læringstrykk. Men kor mykje tid går det ikkje vekk iløpet av ein dag til anna enn det reint faglege? Med tre timar sit ein då ikkje att med mykje konsentrert tid til læring. Og barn treng nettopp tid på læring!Tid til å arbeide, funderer, forstå. Ein skuledag pr.dags dato krev variasjon og små avbrot for å halde elevane igang, men samstundes er det tid til det faglege OG alt det andre. Det er me redd det ikkje blir med kortare dagar.
Og det vil ikkje forundre oss at det då etterkvart kjem snikande stadig meir fag i SFO-tida for å kompensere, slik at det i praksis vil bli enda mindre pusterom for barna våre.

Ungane treng moglegheit til ein dag med kvile, ein dag utan krav og ein dag med familien. Og då må skulekvardagen tilpasse seg barna våre. Til argument som at ungane er så urolege etter ein fridag, er ikkje svaret å kutte fridagen og gje dei meir skule. Løysinga er at skulen tilpassar seg barna-lag rom for den uroen!Legg symjinga til fyrste time fredag då, ikkje matematikk eller engelsk. Me som vaksne vel ikkje bort sommarferien vår berre fordi det er tøft å kome i gang att fyrste arbeidsdag. Nei, me treng fri og avkopling for å ha noko å gje.Det same gjeld barna våre. Me treng å ta vare på desse små, dyrebare skattane våre som snart skal bli ressursar i arbeidslivet og kommunen vår, ikkje brenne dei ut før dei rekk å bidra!

Ein liten kommentar rundt fritidaktivitetar i SFO-tida: Det står nemt at det då vil vere fleire aktørar på banen, som t.d. idrettslaget og *andre*. Me forventar då at ALLE tilbod for barn og unge i bygda vil stille på lik linje, og at alle arrangørar får tilbod om å presentere seg og sitt. Det vere seg religiøse, humanistiske o.l. Dette blir då strengt tatt i eit tidsrom kommunen meir eller mindre pålegg familiane å ha ungane på SFO, men *etter* lovpålagt og ordinær undervisningstid.

Skulemat

På spørsmål om skulemat for alle, er det også her eit økonomisk aspekt. Kven skal betale? Må vi dekke dette sjølv? Og kva vil mattilbodet innehalde? Blir det kjøpebrød og ferdigmat med alt for mykje salt og sukker? Eller kan ein vente seg heimelaga og sunn mat?

Me er uansett ikkje interessert i eit slikt tilbod, og vel sjølv kva mat våre barn skal ete.

Men me vil istaden kome med eit sterkt ønskje om skulefrukt for alle. Mange kommunar praktiserar gratis/betalt skulefrukt, og dette trur me er eit tilbod som fleire vil ha nytte av. Det å kjøpe inn variert frukt og grønt til barna kan vere vanskeleg, så om dette kom på agendaen ville me gjerne betalt for ei slik ordning.

Leksefri skule

Når det gjeld lekser i skulen, er me ikkje overtydd om at det er ei god løysing. Det er ikkje vanskeleg å forstå at lekser kan vere vonde å få til i dei travle kvardagane våre, men å kutte heilt ut heimearbeid, trur me er å gjere den komande generasjon ei bjørnetjeneste. Skal ein kome seg gjennom høgare utdanning er det ingen veg utanom eigeninnsats og sjølvstudium, men når skal våre barn lære dette då? Når dei byrjar på ungdomsskulen? Eller seinare? Me trur slikt må lærast frå ung alder. Og det er vel ingen som er meir motivert til å gjere lekser enn 1.klassingar? Det har iallefall vore det vår eigen fyrsteklassing har sett mest fram til før skulestart.

Men lekser MÅ vere i flytsona! Eleven må kunne ha heimearbeid som dei driv sjølv, ikkje lekser dei er avhengig av hjelp til å forstå og klare. Til dømes leselekser, uavhengige skriveoppgåver, diverse prosjektarbeid om sjølvvalde tema og ikkje minst praktiske lekser trur me kan vere gode alternativ til det vi kjenner som lekser idag. Kvifor ikkje ha heimearbeid som går over fleire veker? Gje elevane tid til å gå inn i tema, produsere arbeid dei kan stå inne for og vere stolte av, ikkje

berre gjere to matteoppgåver her og fem grammatikkoppgåver der?
Å ta bort lekser fullstendig meiner me er uklokt av kommunen, men omgrepet *lekser* treng absolutt eit nytt innhald!

Dette var berre nokre få tankar rundt høyringsforlaget frå kommunen, og då me las innlegg frå føresette i Flatdal i VTB idag,tysdag 31.10.17, kunne me ikkje vore meir samde med dei!

La skulen i Seljord få behalde fridagen sin!

Med venneleg helsing

Janne og Torfinn Heggtveit

Fra: aman tesfay (aman_tesfay94@yahoo.com)
Sendt: 27.10.2017 11:26:19
Til: Ronde Schade
Kopi:

Emne: Om fem dagers skule
Vedlegg:
Hei. jeg er enig i om fem dagers skole og mat servering på skole. Men jeg er uenig i om leksefri skole.

Hilsen Amanuel Tesfay Gerezgher

Fra: Trude Hagen (trude2_7@hotmail.com)
Sendt: 30.10.2017 08:18:29
Til: Ronde Schade
Kopi:

Emne: Drøfting om grunnskulen
Vedlegg:

1.
Fem dagar skule for alle elevar.

-Stemmer for forslaget !

Synes dagens løysing ikkje er så heldig med tanke på at det er ei lang økt frå morgon uten pause, truleg ein grunn for all uro i klassene.
Elevane mistar fokus og klarer ikkje å oppretthalde konsentrasjonen.
45 min undervisning og 10/15 min pause mellom timane, dette har fungera før og det bør det også kunne gjera no.
Kva skjer med SFO og betaling av dette?

2.
Matservering i skulen.

-Stemmer for forslaget!

Kanskje matservering kan vera med på å fange opp dei elevane som ikkje rekk eller prioriterar frukost. Frukosten er eit viktig måltid og trengs for å kunne ha ein god start på skuledagen.
Kostnaden er på 1900,- men det er kanskje ikkje så mykje med tanke på at man i dag betalar rundt 700 kroner bare for mjølk.
Usikker på korleis gjennomføringen av dessa måltida skal fungere og forhåpentligvis rekk elevane å få i seg nok mat.

MVH Trude & Sjur

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2018/730-2
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 08.03.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	21/18	12.04.2018

Forvaltingsrapport om offentlege anskaffingar for Seljord kommune frå Telemark kommunerevisjon IKS

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Forvaltningsrapport - Offentlege anskaffingar - Seljord kommune
2 Saksprotokoll kontrollutvalet - Sak 1-18 - Forvaltningsrevisjonsrapport - Offentlege anskaffingar

Saksutgreiing:

Telemark kommunerevisjon IKS har på oppdrag frå Seljord kontrollutval gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor offentlege anskaffingar som Seljord har gjennomført. Det er gjort et utval av områdar og sakar for å skaffe seg eit innblikk i korleis kommunen handterer krav, reglar og rutinar for offentlege anskaffingar og oppfølging av rammavtalar.

Offentleg verksemd er underlagt strenge krav for innkjøp av varer og tenester. Lov om offentlege anskaffingar (anskaffingslova), regulerer korleis anbod og anskaffingar skal finne sted. Dei grunnleggande prinsippa i loven er at; "*Oppdragsgivaren skal opptre i samsvar med grunnleggande prinsippa om konkurranse, likebehandling, forusigbarhet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet", jmf § 4.*

Alt i alt konkluderer Telemark kommunerevisjon IKS med at Seljord kommune i stor grad gjer sine innkjøp i tråd med dei rammavtaler som er undersøkt. Det er eit unntak, kor eit større innkjøp av skulebøker ikkje er i tråd med regelverket.

Kontrollutvalet i Seljord handsama saka 1/18 den 7.mars 2018 og gjorde følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisjonsrapporten om offentlege anskaffingar til vitande.
Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten Offentlege anskaffingar til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- *Sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon om verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.*
- *Sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.*
- *Vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstiger kr 100 000 i løpet av året.*
- *Sørge for at rammeavtaler som er eldre enn fire år blir fornya/konkurranseutsett i tråd med regelverket.*

Rådmannen bes komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendmelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

Rådmannen har pr 4.april 2018 gjort fylgjande tiltak for å sikre kontrollutvalets vedtak:

- Det er gitt beskjed til alle leiare om at rammeavtalar skal fylgjast (innskjerping) I dei tilfella kor utsyr som inngår i rammeavtalen ikkje passar med anna utstyr eller er av ein kvalitet som set sikkerhet til liv og helse i fare, kan man nytta anna utstyr. I slike tilhøve skal det skrivas avvik og man skal gå i dialog med tilbyder i rammeavtala for å søke løysingar der
- Det er gjeve beskjed til kommunalsjefane om at gamle rammeavtalar skal fornyast via ein ny anskaffingsrunde
- Det er gjort innskjerpingar på rutinane for utferdig og signering av protokollar
- Det sjåast på eit innkjøpssamarbeid med 9 kommunar i Midt- og Vest-Telemark som ein erstatning av BTV-innkjøp som avviklast 31.12.19
- Gjennom endringsprosessen som er satt i gang i Seljord kommune ser ein på mogligheitene til å ha personar med eit særskild ansvar for oppfylging av rammeavtalar
- Det er inngått avtale med selskapet House of controll som tilbyr eit program som bidrar til å sikre ein god og systematisk oppfølging av alle kommunens avtalar.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek rapporten Offentlege anskaffingar til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- Sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon om verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- Sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.
- Vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstiger kr 100 000 i løpet av året.
- Sørge for at rammeavtaler som er eldre enn fire år blir fornya/konkurranseutsett i tråd med regelverket.

Rådmannen skal komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendmelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

Utskrift til:

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Offentlege anskaffingar

Seljord kommune

2018 :: 728 017

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). TKR samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon.

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Seljord kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2012:

- 750 011 Vest-Telemark PPT – eit forprosjekt (2013)
- 728 014 Eigedomsforvaltning (2013)
- 728 015 Førebyggande arbeid barn og unge (2015)
- 433 006-3 Sjølvkost på feietenester (2017)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

Samandrag iii

1 Innleiing 1
- 1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet 1
- 1.2 Bakgrunn 1
- 1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium 1
- 1.4 Avgrensing 2
- 1.5 Metode og kvalitetssikring 2
- 1.6 Høyring 2

2 Problemstilling 1 3
- 2.1 Fakta om tiltak 3
- 2.2 Revisor si vurdering av tiltak 6

3 Problemstilling 2 8
- 3.1 Fakta om anskaffingar 8
- 3.2 Revisor si vurdering av anskaffingar 14

4 Problemstilling 3 17
- 4.1 Fakta om rammeavtaler 17
- 4.2 Revisor si vurdering av rammeavtaler 24

5 Konklusjonar og tilrådingar 28
- 5.1 Konklusjonar 28
- 5.2 Tilrådingar 29

Litteratur og kjeldereferansar 30

Tabelloversikt 31

Vedlegg 31

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen 32

Vedlegg 2: Revisjonskriterium 33
- Første problemstilling 33
- Andre problemstilling 34
- Tredje problemstilling 38

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring 40

Foto forside: Freeimages.com

Samandrag

Bestilling og bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune 29. september 2016 i KU-sak 16/16:

Konklusjonar

Vi har undersøkt følgjande problemstillingar:

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at reglane om offentlige anskaffingar vert følgde?

Kommunen har nokre tiltak for å sikre at reglane om offentlege anskaffingar vert følgde. Til dømes ligg det føre reglement for innkjøp og formelt ansvar for innkjøp er plassert.

Etter vår vurdering kunne kommunen likevel etablert fleire tiltak. Vi vil særleg peike på opplæringstiltak, praktisk informasjon og tilgang til rettleiingar, malar og sjekklister. Det kan også vere føremålstenleg å peike ut ein person med særleg ansvar for innkjøpsarbeidet.

I kva grad vert varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlige anskaffingar?

Større anskaffingar gjennomførd i 2017 som vi har undersøkt er delvis gjennomført i tråd med reglane om offentlige anskaffingar.

Det er gjennomført konkurransar i tråd med regelverket

Det blir i for liten grad nytta protokoll ved anskaffingar som kjem inn under regelverket.

Det er gjort ei større direkte anskaffing som vi meiner ikkje er i tråd med regelverket.

I kva grad bruker kommunen rammeavtalene sine?

Kommunen gjer i stor grad innkjøp i tråd med dei rammeavtaler vi har undersøkt.

Ikkje alle rammeavtalane er optimale for det behovet kommunen har, og i enkelte høve fører det til at ein bryt avtalane.

Andre forhold

Vi har ikkje undersøkt korleis kommunen sine rammeavtaler i si tid vart anskaffa. Men vi har sett at kommunen nyttar fleire rammeavtaler/ordningar som uansett har vart lenger enn fire år. Hovudregelen er at ein rammeavtale ikkje kan vare lenger enn fire år av gangen.

Vi har også sett at kommunen ikkje har rammeavtale/ikkje har hatt konkurranse på fleire varetypar/varegrupper der kommunen gjer innkjøp med ein samla verdi på over kr 100 000 i løpet av eit år. Dette er etter vår vurdering ikkje i tråd med reglane om offentlege anskaffingar. Der det blir gjort jamlege og samla større innkjøp av ein bestemt type vare/varegruppe og dette bør kommunen vurdere om det er føremålstenleg med ein rammeavtale.

Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon og verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.
- vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstig kr 100 000 i løpet av året.
- sørge for at rammeavtalar som er eldre enn fire år blir fornya/konkurranse-utsett i tråd med regelverket.

Skien, 19. februar 2018
Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune 29. september 2016 i KU-sak 16/16:

Vedtak
Kontrollutvalet bestiller prosjektplan på offentlege anskaffingar frå Telemark kommunerevisjon IKS.

Prosjektplanen blei handsama i møtet 30. november 2016 i sak 26/16:

Vedtak
Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan 728017 Offentlege anskaffingar - Seljord kommune som den ligg føre.

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommunelovens § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

1.2 Bakgrunn

I overordna analyse 2016 – 2020 er det vist til manglar og risiko knytt til kommunen sitt innkjøpsarbeid. Nytt regelverk for offentlige anskaffingar tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Kommunen har ikkje hatt forvaltningsrevisjon på dette området før. I planen blei forvaltningsrevisjon av anskaffingar sett opp som ein av tre forvaltnings-revisjonar i kommunestyreperioden, og kommunestyret gjorde vedtak om å prioritere dette fyrst.

1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande tre problemstillingar:

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at reglane om offentlige anskaffingar vert følgde?

I kva grad vert varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlige anskaffingar?

I kva grad brukar kommunen rammeavtalene sine?

Revisjonskriteria[1] i denne forvaltningsrevisjonen er i hovudsak henta frå lov om offentlige anskaffelser og forskrift om offentlige anskaffelser. Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor, og er nærmare omtala i vedlegg 2 til rapporten.

1.4 Avgrensing

I denne rapporten har vi undersøkt anskaffingar som er gjort i 2017.

Vi har undersøkt om rett prosedyre er valt, og om formelle krav i samband med anskaffingane er oppfylte. Vi har ikkje gått inn i kommunen sine vurderingar av tilboda og grunngjeving for val av leverandørar.

Rekneskapstala vi har sett på går fram til 7. november 2017. Beløpa er utan MVA. Alle summar er avrunda til nærmaste heile tusen kroner.

1.5 Metode og kvalitetssikring

Vi har fått tilgang til kommunale dokument, protokollar, rutinar m.m. og sett på tal henta frå kommunerekneskapen.

Vi har sett på mapper/arkivmateriale frå innkjøp som er gjennomførd i 2017.

Rådmann er intervjua, og aktuelle tilsette i kommunen kontakta på e-post/telefon for spørsmål og kommentarar.

Sjå meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 3.

1.6 Høyring

I forkant av formell høyring har rådmannen fått utkast til faktadelen av rapporten til gjennomsyn for å korrigere eventuelle feil og manglar. Utkast til rapport vart sendt på høyring til rådmannen 5. februar 2018. Høyringa har ikkje ført til endringar i rapporten. Rådmannen sitt høyringsbrev ligg i vedlegg 1.

[1] Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

2 Problemstilling 1

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at reglane om offentlige anskaffingar vert følgde?

Revisjonskriterium

- *Kommunen bør ha klare roller og ansvar i innkjøpsarbeidet*
- *Kommunen bør ha oppdatert reglement for innkjøp*
- *Kommunen bør ha malar og sjekklister for arbeidet med innkjøp*

2.1 Fakta om tiltak

2.1.1 Ansvar og mynde

Kommunestyret i Seljord vedtok i oktober 2016 Økonomireglement for Seljord kommune. I arbeidet med reglementet tok ein utgangspunkt i Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK) sitt utkast til økonomireglement, og såg også på element frå andre kommunar sine tilsvarande reglement. I økonomireglementet finn vi kapitel 6 *Reglement for tilvising og utbetaling.*

Reglementet gir reglar om mynde til å tilvise. Rådmannen har tilvisingsmynde for alle område i kommunen. Fullmakta kan vidaredelegerast. Den som er delegert mynde frå rådmannen kan delegere fullmakta si vidare eitt nivå (til avdelingsleiar).
Den som har tilvisingsmynde skal peike ut personar som skal attestere (attestant).

I reglementet for tilvising og utbetaling er det slått fast at både attestant og tilvisar pliktar å «kontrollere at pris og betalingsvilkår er i samsvar med innkjøpsavtale» og vidare «sjå til at innkjøpsavtaler, rammeavtaler og liknande vert fylgd».

Fram til no har det vært kommunalsjefane som har hatt tilvisingsmynde. Rådmannen seier at kommunen er i ferd med å endre praksis med delegasjon slik at det normale vil vere at avdelingsleiarane er dei som tilviser. I samband med opplæring i e-faktura av tilsette vil det vere fokus på kva for ansvar dei som attesterer og tilviser har for å sjå til at alle forhold ved fakturaen er riktige.

I Seljord kommune er det rådmannen som har ansvar for innkjøp. Det er ikkje peika ut anna person i organisasjonen som skal ha særleg kompetanse på innkjøp og følgje opp dette i organisasjonen. Rådmannen seier at ho i sin periode som konstituert rådmann har sett organisasjonsmessige forhold som ho meiner kunne vore endra. Til dømes

meiner ho at det hadde vore ein fordel å ha ein person med spesielt ansvar for innkjøpsarbeid. Ho meiner det er naturleg at ny rådmann, som er tilsett frå desember 2017, får vurdere dette spørsmålet.

Kommunen blir invitert av BTV Innkjøp[2] til å stille med personar i faggrupper som evaluerer gamle rammeavtalar og melder inn behov i samband med nye avtaler. Rådmannen seier at kommunen ikkje har vore representert i slike grupper.

2.1.2 Reglement for innkjøp

Økonomireglementet har eit kapitel om innkjøp; 5 *Reglement for innkjøp*. Føremålet med reglementet er å sikre at alle anskaffingar i kommunen er i tråd med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner.

Det er rådmannen som har ansvar for at tilsette er kjende med reglementet og følgjer det. Det skal ligge føre oversikt over dei i kommunen som har fullmakt til å gjere innkjøp og/eller tilvise slike kjøp.

Regelementet gjer greie for generelle prinsipp for innkjøp i regi av kommunen:

- Innkjøp skal (så sant det er mogleg) vere tufta på konkurranse.
- Det skal dokumenterast at slik konkurranse er gjennomførd og dokumentasjon skal lagrast.
- Val av kvalifisert leverandør skal vere etter objektive kriterier.
- Prinsippa om habilitet skal følgjast.
- Ved innkjøp over kr 100 000 skal konkurransegrunnlag og val av leverandør godkjennast av minst to personar, der den eine er rådmannen.

Vidare er det gjort greie for ulike typar kjøp, alt etter kor ofte kjøpet vert gjort og kor stort beløpet som kjøpet utgjer.

Eingongskjøp

Eingongskjøp er delt inn slik:

[2] **BTV Innkjøp** er et administrativt innkjøpssamarbeid bestående av Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommunar, 21 kommunar i Buskerud, 12 kommunar i Telemark, Fylkesmannen i Buskerud og Telemark, samt Høgskulen i Sørøst-Norge.

- Mindre eingongskjøp, dvs. under kr 100 000. Desse er ikkje omfatta av lov om offentlege anskaffingar, men kommunen sine generelle prinsipp om konkurranse og dokumentasjon skal vektleggast.
- Mellomstore eingongskjøp, dvs. frå og med kr 100 000 til og med nasjonal grenseverdi som er 1,1 mill. kroner. Slike kjøp må skjer i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Det skal leggast vekt på konkurranse og likebehandling av leverandørar. Det skal innhentas skriftelege tilbod frå minst tre leverandørar så sant dette er mogleg. Det skal førast protokoll. Rådmannen skal alltid kontaktas før førespurnad vert sendt ut.
- Store eingongskjøp er kjøp som overstig nasjonal grenseverdi på kr 1,1 mill. kroner. Også her blir det vist til regelverket i lov og forskrift som skal følgjast. Rådmannen skal kontaktas i planlegginga av slike kjøp. Anskaffing skal lysast ut på den nasjonale kunngjeringsdatabasen Doffin. For norske leverandørar er det krav om at dei kan legge fram skatteattest. For anskaffingar over kr 1,75 mill. kroner (44 mill. kroner dersom det er ei bygge – og anleggskontrakt) skal det og kunngjerast konkurranse på TED som er EU sin database for anbodskonkurransar.

Regelmessige kjøp
Om regelmessige kjøp er det slikt reglement:

Regelmessige kjøp/leveransar som i løpet av året har en samla verdi som er mindre enn 100 000 (ekskl. mva) skal bli handsama etter reglane om mindre eingongskjøp.

Regelmessige kjøp som i løpet av året har ein verdi som er lik eller overstig kr 100 000, kjem inn under lov om offentlege anskaffingar og skal følgje reglane i lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Ved slike kjøp vil dei ulike terskelverdiane vere styrande for kva for prosess og prosedyre som skal brukast ved anskaffinga.

Regelementet peikar på at det i mange tilfelle vil vere føremonleg å kome fram til fleirårige rammeavtaler for regelmessige leveransar.

Rådmannen skal sørge for at kommunen inngår rammeavtaler der det er naudsynt. Det er berre rådmannen som kan inngå rammeavtaler på vegner av kommunen.

Reglementet viser til at den høgaste talfesta verdien (ekskl. mva) av alle forventa kontraktar i avtalen si levetid skal ligge til grunn ved vurdering om det er reglane for små, mellomstore eller store eingongskjøp som gjeld.

I reglementet kap. 5.3 *Definisjonar* er det vist til at nasjonal grenseverdi per 2016 er kr 500 000 ekskl. mva. Denne verdien er i forskrift om offentlege anskaffingar endra frå og med 2017 og er no kr 1,1 mill. kroner.

På spørsmål om korleis økonomireglementet og endringar i regelverket om offentlege anskaffingar har vore kommunisert til dei tilsette seier rådmanne at det ikkje har vore spesielle opplæringstiltak på dette.

Vi har gjort søk på kommunen sine intranett sider i slutten av november 2017. Korkje økonomireglementet eller anna informasjon om regelverk for innkjøp/anskaffingar var å finne på desse sidene.

Rutinar og malar
Rådmannen seier at det har vore planar om å lage ei handbok etter at det nye økonomireglementet var på plass. Ei slik handbok skulle vere til praktisk hjelp for avdelingsleiarane. Dette arbeidet er ikkje kome i gang.

I følgje rådmannen har kommunen ikkje utvikla felles malar eller sjekkelister til hjelp i arbeidet med innkjøp og anskaffingar.

Kommunalområdet for plan, utvikling og tekniske tenester har sjølv laga og brukar eigen mal for anskaffingsprotokoll.

2.2 Revisor si vurdering av tiltak

Delegasjonsreglementet gjer greie for ansvar og mynde i kommunen. Rådmannen har ansvaret for innkjøp i kommunen, men seier sjølv at det hadde vore hensiktsmessig å peike ut ein person med særleg ansvar for å følgje opp innkjøpsarbeid. Etter vår vurdering kunne dette ha vore med på å styrke arbeidet med anskaffingar.

Kommunen sitt regelment gjer greie for dei viktegaste forholda ved innkjøp og anskaffingar som skjer i regi av kommunen. Reglementet er overordna og viser i stor grad til lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Reglementet er i hovudsak oppdatert i forhold til nytt regelverk frå 2017, med nokre unntak: I reglementet er det under 5.3 *definisjonar* vist til ein grenseverdi pr. 2016. Denne grenseverdien er endra frå og med 2017, og bør difor endrast i reglementet.

Sjølv om innkjøp med verdi under kr 100 000 ikkje kjem inn under lov og forskrift om offentlege anskaffingar har kommunen vedteke at og desse innkjøpa i størst mogleg grad skal vere basert på konkurranse. Vidare skal slik konkurranse vere dokumentert.

Etter vår vurdering er det ein styrke for omdømme og tillit til kommunen at reglementet stiller krav også til slike mindre eingongs innkjøp.

Lov om offentlige anskaffingar, og særleg forskrifta knytt til denne, vil for mange verke komplisert og lite tilgjengeleg. Kommunen har i liten grad hatt fokus på opplæring i eige reglement og det aktuelle lovverket. Etter vår vurdering bør kommunen sikre at slik opplæring blir gitt.

Etter vår vurdering er reglement for innkjøp aleine ikkje egna til å sikre at anskaffingar skjer på riktig måte. Etter vår vurdering bør kommunen vurdere å sette i verk fleire tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon og verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.

3 Problemstilling 2

I kva grad vert varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlige anskaffingar?

Revisjonskriterium

Kommunen skal gjennomføre konkurranse ved å:

- *Berekne verdien av anskaffinga, nytte lovleg prosedyre og gjennomføre konkurranse i samsvar med denne.*
- *Informere leverandørar om anskaffinga*
  - *ved annonse eller direkte førespurnad til mange nok leverandørar for anskaffingar over kr 100 000.*
  - *ved kunngjering i Doffin for anskaffingar over kr 1 100 000* [3]*.*
  - *ved kunngjering i Doffin og i TED for anskaffingar med anslått verdi over gjeldande EØS-terskelverdi.*
- *Beskrive konkurransen og kontraktsvilkåra*
  - *ved bruk av konkurransegrunnlag for anskaffingar over kr 1 100 000.*

Vidare skal kommunen sine anskaffingar kunne prøvast i ettertid ved at kommunen:

- *Sikre at dei vurderingane og den dokumentasjonen som har betyding for gjennomføringa av konkurransen er skriftlig.*
- *Fører anskaffingsprotokoll for anskaffingar over kr 1 100 000*

3.1 Fakta om anskaffingar

I regelverket om offentlige anskaffingar er det ulike krav til dokumentasjon og prosess alt etter kva verdi anskaffinga har. Dei ulike grensene for beløpa blir omtalt som terskelverdiar. Krava til dokumentasjon og prosedyrar aukar med auka terskelverdi.

Innkjøp med ein verdi på under kr 100 000 er frå 2017 av ikkje omfatta av lov om offentlege anskaffingar. Kommunen har i sitt innkjøpsreglement likevel krav og forventningar til korleis slike innkjøp skal handterast.

[3] For bygge- og anleggsanskaffingar gjeld andre beløpsgrenser. Her er terskelverdien 44 mill. kroner.

Vi har plukka ut nokre anskaffingar innafor dei ulike kategoriane som vi finn i regelverket, og sett på om krav til prosedyre og dokumentasjon av innkjøpa/anskaffingane er følgde.

3.1.1 Anskaffingar mellom kr 100 000 og 1 100 000

Prosjektleiar – «Opplevingsvegen om Nutheim»
Tre aktuelle leverandørar blei ved brev oppmoda om å gi tilbod på prosjektleiing for prosjektet «Opplevingsvegen om Nutheim».

Det er ført protokoll for anskaffinga. Anslått verdi for heile prosjektperioden er oppgitt til kr 600 000. Protokollen inneheld elles vurderingar av tilbydarane og grunngjeving for val av tilbydar.

Bibliotek – reolar og møblar/utstyr
Biblioteket i kommunen har eit større innkjøp av reolar i 2017.

Fire leverandørar blei forspurde på e-post om å gi tilbod på utstyret.

Mal for protokoll er brukt. Det er anslått verdi for kjøpet på om lag kr 450 000. Protokollen inneheld grunngjeving av val av leverandør

Brannpumpe/røykvifte til brannvesenet
Sakshandsamar seier det var vanskeleg finne aktuelle tilbydarar. Etter søk på nett blei tre aktuelle leverandører førespurd på telefon. Sakshandsamar opplyser at det berre var aktuelt for ein leverandør å gi tilbod på slikt utstyr. Kostnaden for utstyret var på kr 155 000.

Det ligg ikkje føre protokoll for anskaffinga. Tilbod frå den aktuelle leverandøren og aksept av tilbodet er dokumentert.

Asfaltering av kommunale vegar
To tilbydarar er kontakta pr. e-post med førespurnad om å gi tilbod på legging av asfalt på kommunale veger.

Mal for protokoll er brukt. Anslått verdi var kr 500 000. Protokollen vi har fått tilsendt var ikkje underteikna.

Kjøp av traktor
Tre tilbydarar vart oppmoda på telefon om å kome med tilbod på ny traktor (og innbytte av gamal).

Mal for protokoll er brukt. Anslått verdi til kr 600 000.

Byggeleiing
Konkurranse om oppdraget som byggeleiar for utbygging av bokollektiv og dagaktivitetssenter, Nesvegen 7 og 10 blei kunngjort på Doffin 19. juni 2017.

Kostnaden var på om lag kr 850 000.

Det ligg ikkje ført protokoll for anskaffinga. Konkurransen og tilbod er dokumenterte. Det er laga oversikt over tilbod (med nemninga tilbodsprotokoll). Vurdering av tilbydarar og grunngjeving for val av tilbydarar er dokumentert.

Rekrutteringsteneste – ny rådmann
Ordførarar har vore sakshandsamar ved anskaffinga av rekrutteringsteneste. I samband med dette gjorde ordførar ein førespurnad til tre konsulentfirma om å bistå i arbeidet. Kommunestyret hadde løyvd inntil kr 150 000 for å leige inn ekstern kompetanse i samband med tilsettinga (sak 13/17).

Ordførar utforma ein protokoll for anskaffinga. I protokollen blei det kort gjort greie for kven som har gitt tilbod og kva for pris dei opererer med. Alle tilbydarane blei rekna som kvalifiserte for oppdraget.

I grunngjevinga for val av selskap legg ordførar særleg vekt på at han har gode relasjonar til det aktuelle selskapet og konsulenten som skal jobbe med tilsettinga.

Montering av ljos i symjehall
Dyrud Elektro blei bruka i samband med montering av nye lys i svømmehallen. Kostnaden for arbeidet var kr 113 000. Frå kommunen får vi opplyst at dette er rekna som vedlikehald, og arbeidet vart gjort av den elektroentreprenøren som kommunen har rammeavtale med. Oppdraget vart difor ikkje lyst ut.

Rammeavtalen det blir vist til, og som vi har fått tilsendt er frå 2009. I avtala er det vist til at: *avtalen er gyldig til en av partene skriftlig sier den opp.* Og vidare at: *Avtalen tas opp til ny vurdering 01.02.2011*.

Vi har ikkje sett nærmare på anskaffinga av rammeavtalen.

Oppjekking av hus
I samband sigeskader på to hus, hadde kommunen trong for å jekke opp og stabilisere bygningane. Kostnad for arbeidet var kr 230 000.

Ein tilbydar vart spurd om å gi pris på arbeidet. Kommunen opplyser at dette var ein svært spesiell jobb, og så vidt kommunen kjenner til, er firmaet Uretek eit av få, om ikkje det einaste, firmaet i Noreg som driv med denne type arbeid. Sakshandsamar opplyser at det difor var vanskeleg å be om pris frå fleire firma .

Det er ikkje ført protokoll for anskaffinga, men tilbodsbrev frå leverandøren og aksept av tilbodet er dokumentert.

Automatikk på avlaupspumpestasjonar
Kommunen lyste ut konkurranse om levering av automatikk på avlaupspumpestasjonar på Doffin 3. november 2017.

Det ligg ikkje føre protokoll som viser antatt verdi på anskaffinga. Frå kommunalsjef for plan, utvikling og tekniske tenester får vi opplyst at verdien, jamfør budsjettframlegget for 2017, er berekna til kr 600 000.

I konkurransereglane er det oppgitt at prosedyre for anskaffinga er konkurranse med forhandlingar, og det er vist til forskrift om offentlige anskaffelser § 11-8. Dette er ein paragraf som finst i den gamle forskrifta om offentlige anskaffingar (som no er oppheva).

Det ligg føre konkurransevilkår og det er opplyst at alminnelege kontrakts-bestemmelsar for totalentrepriser gjeld.

Frist for å lever tilbod var sett til 20. november 2017. Vi har ikkje sett nærmare på korleis denne saka er handert etter fristens utløp.

3.1.2 Anskaffingar mellom kr 1 100 000 og 1 750 000

Breibandutbygging – Mandal og Langlim
Konkurranse om dette oppdraget vart lyst ut på Doffin 20. oktober 2017.

Det ligg ikkje føre protokoll som viser antatt verdi på anskaffinga. Frå kommunalsjef for plan, utvikling og tekniske tenester får vi opplyst at verdien, jamfør budsjettframlegget for 2017, er berekna til kr 1 500 000.

Konkuransen er i Doffin lyst ut som open tilbodskonkurranse. I konkurransegrunnlaget er det vist til at ein planlegg å gjennomføre forhandlingar med dei som gir tilbod i konkurransen.

Det ligg føre konkurransegrunnlag med kravspesifikasjon. Kontraktsvilkår er ikkje omtala i konkurransegrunnlaget.

Konkurransen er ikkje avslutta og det er frist for å lever tilbod 15. januar 2018.

Vintervedlikehald av kommunal veger og plassar
Konkurranse om nye avtaler om brøyting og strøing av kommunale veger for ein fireårs periode vart kunngjort på Doffin 11. august 2017. Oppdraget er delt opp i roder, men med høve til å gi tilbod på fleire roder.

Konkurransen er kunngjort som ei open tilbodskonkurranse.

Det er brukt mal for anskaffingsprotokoll. Verdien oppdraget for heile perioden er anslått til 5, 2 mill. kroner. Vurdering av tilbydarane og avgjerd om kven som fikk kontrakter er dokumentert i protokollen. Protokollen er undertekna av sakshandsamar, men ikkje av leiar.

3.1.3 Anskaffingar over kr 1 750 000

Vatn og avløp – Århusmoen
Dette er ei direkte anskaffing som ikkje har vore utlyst på Doffin.

I samband med vedtekne planar om å bygge eit vatn- og avlaupsreinseanlegg fekk kommunen i februar eit tilbod frå selskapet Telemark Technologies AS om levering av eit nøkkelferdig vatn- og avlaupsanlegg på Århusmoen. Selskapet tilbyr kommunen ny teknologi på området, og ønskjer å bruke anlegget som test/pilotanlegg og som visningsanlegg for eventuelle andre interesserte instansar.

Det er laga protokoll for anskaffinga der anslått verdi på kr 4 mill. kroner er oppgitt og kommunen gir ei grunngjeving for kvifor det er gjort ei direkte anskaffinga. I protokollen er det vist til at direkte anskaffingar i visse høve er i tråd med lovverket. Dette gjeld:

«kontrakter hvor anskaffelsen kun kan foretas hos en leverandør i markedet av ny teknologi»

Og vidare der det ligg føre:

«usedvanlig fordelaktig tilbud».

Bukollektiv og dagaktivitet senter, Nesvegen 7 og 10
Arbeidet med denne anskaffinga vart sett bort til konsulentfirmaet Sweco, som har stått for utlysing og gjennomføring av konkurransane. Det har vore fire konkurransar i samband med utbygginga; ein for bygg, ein for rørleggararbeid, ein for elektro og ein for ventilasjonsarbeid. Alle er lyst ut på Doffin i juni 2017. Kostnaden er berekna til i overkant av 30 mill. kroner.

Alle konkurransane er lyst ut som opne tilbodskonkurransar, og det ligg føre kontrakts- og konkurransevilkår i dokumenta.

Vurderingar av tilbydarane opp mot krav i konkurransevilkåra er dokumentert i brev til kommunen frå Sweco. Med bakgrunn i desse vurderingane har Swecogitt tilråding om val av leverandørar. Kommunen har følgd innstillinga frå Sweco og inngått kontrakt med dei aktuelle tilbydarane.

Kommunen har ikkje ført eigen protokoll.

Middagar til institusjon og heimebuande tenestmottakarar
Kunngjering av konkurransen er lagt ut på Doffin og EU si database TED 20. januar 2017.

Det ligg ikkje føre anskaffingsprotokoll

Konkurransen er kunngjort som ei open anbodskonkurranse.

Kontrakts og konkurransevilkår er omtala.

Den 14. juni 2017 kunngjorde kommunen på Doffin at ein avlyser anbodskonkurransen og at kontrakt ikkje er inngått. Bakgrunnen er vedtak i formannskapet 8. juni 2017, der det blei gjort vedtak om levere mat i eigenregi.

Vedtaket er klaga inn for Klagemenda for offentlege anskaffelser (KOFA). Klagar meiner at kommunen har brote kravet om sakleg grunn for avlysinga av konkurransen. Klagar meiner vidare at kommunen har brote regelen om kunngjering ved å kjøpe tenester utanfor kunngjort konkurranse. Klaga er pr. dato ikkje handsama i KOFA.

Vi har ikkje vurdert innhaldet i klaga.

3.1.4 Anskaffingar med stor samla verdi utan konkurranse og/eller rammeavtale.

Vi har sett at kommunen har gjort anskaffingar som i løpet av året har vore på meir enn kr 100 000 utan at dette har vore tufta på rammeavtale eller har vore utsett for konkurranse. Dette er nærmare omtala i kap. 4.1.4

3.2 Revisor si vurdering av anskaffingar

Dei større eingongs anskaffingane (med antatt verdi frå kr 100 000 og oppover) vi har undersøkt er etter vår vurdering delvis gjennomført i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar.

For anskaffingar under kr. 1 100 000 (nasjonal terskelverdi) er det i all hovudsak gjennomført konkurranse mellom fleire tilbydarar, og dette er i tråd med Lov om offentlige anskaffelser som seier at oppdragsgjevar skal «opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet».[4]

For anskaffingane over nasjonal og EØS terskelverdiar har konkurransar vore lyst ut på Doffin i tråd med regelverket, jamfør forskrift om offentlige anskaffelser del II og III

For anskaffingane over nasjonal og EØS terskelverdiar ligg det i all hovudsak føre konkurransevilkår og vilkår for kontrakten for konkurransane, slik forskrift om offentlige anskaffelser del II og III krev.

For innkjøpa under nasjonal terskelverdi er viktige avgjerder i all hovudsak dokumentert. Det er i fleire tilfelle nytta mal for anskaffingsprotokoll og etter vår vurdering er dette ein fornuftig måte å dokumentere prosessen på.

Vi har to merknader til anskaffinga av rekrutteringsselskap i samband med tilsetting av ny rådmann. Etter vår vurdering burde det normalt vore administrasjonen i

[4] LOA § 4

kommunen, og ikkje folkevalde, som er sakshandsamar og stod for prosessen med anskaffinga, i tråd med dei rammer som er gitt i kommunestyret. Vi ser vidare at ordførar i grunngjevinga for val av leverandør legg vekt på hans gode relasjonar til det aktuelle selskapet. Ein prinsipiell kommentar til denne vurderinga er at dersom ein skal legge vekt på tidlegare erfaring med ein leverandør må det vere etterprøvbart, og ein må sikre lik handsaming av leverandørane. Det inneber at ein bør ha klare og objektive kriterium for vurderinga, og ein må sikre at ein har like mykje kunnskap om alle tilbydarane. Vi kan ikkje sjå at dette kjem fram i protokollen.

For anskaffingar over terskelverdi er det krav om å lage anskaffingsprotokoll. Protokoll for anskaffinga skal vise viktige steg i anskaffingsprosessen. Slik protokoll er nytta i to av dei fem tilfella vi har undersøkt. Der det ikkje er ført anskaffingsprotokoll er delar av prosessen likevel dokumentert.

I samband med anskaffinga som gjeld vatn- og avlaupsanlegg på Århusmoen har kommunen gjort ei direkte anskaffing av vatn- og avlaupsanlegg utan konkurranse. Denne anskaffinga skulle etter hovudregelen vore kunngjort jamfør forskrift om offentlige anskaffelser del II. Det er laga anskaffingsprotokoll der ein syner til unnatak for krav om konkurranse om visse typar kontraktar[5]. Unntaka i regelverket skal generelt tolkast strengt, og det er oppdragsgivar som må bevise at det er høve til å nytte unntaksreglane. Etter vår vurdering kan det vere tvilsamt om det er høve til å nytte unntaka i dette tilfellet.

Dersom kommunen legg til grunn at det ikkje finnest andre aktørar som kan levere same produkt, må det godtgjerast og dokumenterast. Slik dokumentasjon ligg ikkje føre. For å sikre at det ikkje er andre interessentar i marknaden som kunne vore aktuelle tilbydarar, kan kommunen publisere ei intensjonskunngjering i Doffin[6]. I ei intensjonskunngjering blir marknaden gjort merksam på at kommunen har som føremål å inngå kontrakt med den aktuelle leverandøren, og ein eventuell marknad vil få høve til å reagere, dersom dei meiner dei kunne vore aktuelle som tilbydarar. Kommunen har i protokollen vidare lagt til grunn at det ligg føre eit «usedvanlig fordelaktig tilbud som gjør det mulig å anskaffe ytelsene til en pris som ligger vesentlig under normale markedspriser»[7]. I lovkommentarane er det vist til at det skal svært mykje til for at denne unnataksregelen kan nyttast. Eit typisk døme på når ein kan bruke regelen er ved konkursar. Det blir stilt strenge krav til kunnskap om prisar som

[5] I protokollen er det vist til Lov om offentlige anskaffelser §2.1. Rett referanse skal være Forskrift om offentlige anskaffelser § 5-2 (1a og b).
[6] Forskrift om offentlige anskaffelser § 8-18
[7] Forskrift om offentlige anskaffelser § 5-2 (1b)

er i marknaden, og til dokumentasjon for at vilkåra for unntak frå kunngjeringsplikta er oppfylt.

4 Problemstilling 3

I kva grad bruker kommunen rammeavtalene sine?

Revisjonskriterium

- *Kommunen bør ha ei oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtaler.*
- *Kommunen skal følge dei rammeavtalene som til ei kvar tid gjeld.*

4.1 Fakta om rammeavtaler

4.1.1 Oversikt over rammeavtaler

Seljord kommune har rammeavtaler med ulike leverandører om kjøp av varer og tenester. Kommunen inngår i innkjøpssamarbeidet BTV-innkjøp, som er eit administrativt innkjøpssamarbeid der fleire aktørar deltek; Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommunar, alle 21 kommunane i Buskerud, 12 kommunar i Telemark, Fylkesmannen i Buskerud og Telemark, samt Høgskulen i Sørøst-Norge.

Så godt som alle rammeavtaler som Seljord kommune har, er inngått i regi av BTV-Innkjøp.

Vi har fått oversikt over rammeavtalene kommunen hadde pr. 7. november 2017. Det var 18[8] avtaler i regi av BTV-Innkjøp og ein som kommunen sjølv hadde gjennomførd konkurransen for. I tillegg har vi seinare fått opplysningar om at kommunen har fleire rammeavtaler i kommunal regi i tillegg til dei som er på oversikten.

Alle tilsette i kommunen har via intranettet tilgang til ei samla oversikt over avtalene som er inngått i regi av BTV. Vidare kan dei få opp dei einskilde avtalene for meir detaljert informasjon om vareutval, prisar m.m.

Avtalene kommune sjølv har gjennomførd konkurranse for ligg ikkje tilgjengeleg på intranettet, men er tilgjengeleg i dei aktuelle verksemdene/etatane dei blir nytta.

4.1.2 Bruk av rammeavtaler

Vi har undersøkt eit utval av varegrupper og sett på i kva grad kjøpa innanfor desse varegruppene er gjort med dei leverandørane som kommunen har rammeavtale med.

[8] To av avtalene tok til å gjelde frå november 2017

Vi har ikkje undersøkt sjølve anskaffingane av rammeavtalene.

Medisinsk forbruksmateriell
I tabellen nedanfor har vi sett opp ei oversikt over innkjøp ført på rekneskapskonto/art 11100, *medisinsk forbruksmateriell*.

Tabell 1 Utgifter til medisinsk forbruksmateriell (art 11100) fram til 7. november 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent av total utgift.

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Mediq Norge AS	416 000	63
Erik Tanche Nilssen AS	216 000	33
Andre leverandørar[9]	20 000	4
Totalt	**653 000**	**100**

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

Kommunen har rammeavtale med Mediq Norge AS innanfor denne varegruppa. Tabellen viser at om lag 61 % av slike innkjøp skjer frå leverandøren kommunen har rammeavtale med.

Det er kjøpt varer for til saman kr 214 00 (33 %) frå leverandøren Tanche Nilssen AS. Alle desse kjøpa er gjort av Legekontoret i kommunen (310 Legetenester). På spørsmål kvifor desse kjøpa ikkje er gjort hos rammeavtaleleverandøren får vi opplyst frå kommunelegen at dette i hovudsak gjeld utstyr som brukast til apparat som måler blodverdiar. I følgje kommunelegen leverer ikkje Mediq Norge AS utstyr som passar til dei apparata som kommunen nyttar.

I tillegg blir det kjøpt noko materiell frå anna leverandør av di kvaliteten på varene frå rammeavtaleleverandør ifølgje kommunelegen ikkje er tilfredsstillande. I visse høve er det også gjort innkjøp frå annan leverandør fordi prisen har vore vesentleg lågare enn hos rammeavtaleleverandøren.

Matvarer
Kommunen har rameavtaler for ulike matvarer/næringsmiddel. Det er avtaler med fleire leverandørar, alt etter kva slags matvarer vi snakkar om. Døme på næringsmiddelgrupper er:

- gruppe 1, kolonialvarer, iskrem, egg, frosen fisk,
- gruppe 3, frosne grønsaker og bær

[9] Andre leverandørar gjeld 10 forskjellige leverandørar der største samla sum får leverandør var kr 6 876 og minste på snau kr 100.

- gruppe 5 kjøttprodukt, ferske og frosne
- gruppe 7, faste og flytande meieriprodukt

Måkestad Engros (Servicegrossistene) har fem av dei sju avtalane. Dei to siste avtalane er med Bama og Tine.

Rammeavtalen for levering av mat blei inngått i 2016. Desse avtalene gjeld for storkundar dvs. at dei mindre einingane i kommunen er fritekne frå å nytta avtalene.

Vi har sett bort frå levering av varm mat/middagsmat til Nesbukti sjukeheim, Heddeli bu og servicesenter og Steinmoen bu og servicesenter. Slik mat blir levert av Dyrsku'n Arrangement AS der det ligg føre eigen avtale om levering av dette.[10]

Kommunen har elles utgiftsført kr 1. 470 000 på rekneskapskonto/art 11150, *matvarer*. Dette fordeler seg på ulike leverandørar som vist i tabellen nedanfor. Leverandørane med rammeavtaler er merka med feit skrift.

Tabell 2 Utgifter til matvarer (art 11150) fram til 7. November 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent. Utgifter til varm mat i institusjon og til heimebuande er ikkje medrekna

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Måkestad Engros Larvik	388 000	26
Aasmundsens bakeri	146 000	10
ASKO Øst og Asko Agder	35 000	2
Bama	52 000	4
Meny Telesenteret	75 000	5
Nærbutikken i Åmotsdal	92 000	6
Rema 1000 Atle Bringsåker	296 000	20
Tine SA	238 000	16
Øyland Mat	90 000	6
Andre	57 000	4
Totalt	**1 470 000**	**99**

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

[10] Forlenging av avtale til sak om levering av varmmat er avklara

Vi har undersøkt nærmare nokre av dei instansane som skal nytte rammeavtala.

Tabell 3 Fordeling av kjøp av matvarer på leverandørar med og utan rammeavtaler for eit utval kommunale instansar. I kroner (prosent i parentes).

Verksemd	Frå leverandør med avtale	Frå andre	totalt
Sjukeheim	285 000 (78 %)	79 000 (21 %)	363 000
Heddeli bu- og servicesenter	131 000 (81 %)	31 000 (19 %)	162 000
Seljord ungdomsskule	113 000 (75 %)	39 000 (25 %)	151 000
Heddeli barnehage	27 000 (22 %)	93 000 (78 %)	120 000
Tussejuv barnehage	101 000 (66 %)	53 000 (34 %)	154 000

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

Sjukeheimen kjøper i all hovudsak inn matvarer frå leverandørar kommunen har rammeavtaler med. Dei om lag 20 % av innkjøpa som blir gjort er frå andre leverandørar er varer som det ikkje er rammeavtale om. Dette er til dømes brød/bakevarer (kr 61 000) frå eit bakeri i kommunen og næringsdrikke (og div andre artiklar) frå Mediq. Det blir kjøpt varer for om lag kr 11 000 frå to av daglegvarebutikkane i Seljord. Her er det kjøpt varer som det tilsynelatande ville vore riktig å kjøpe via rammeavtale-leverandørane.

Heddeli bu- og servicesenter kjøper matvarer for kr 131 000 frå rammeavtale-leverandørar. Det blir kjøpt varer for ca. kr 11 000 frå ein av daglegvarebutikkane i kommunen, varer som det tilsynelatande ville vore riktig å kjøpe frå leverandøren med rammeavtale. Resterande, kr 20 000 er kjøp av bakerivarer. Dette er varer det ikkje er avtale på.

Seljord ungdomsskule kjøper varer for kr 113 000 frå leverandørar med rammeavtaler. Kr 19 000 gjeld bakerivarer der det ikkje er rammeavtale. Det blir kjøpt varer for om lag kr 19 000 frå to av daglegvarebutikkane i Seljord. Her er det kjøpt varer som det tilsynelatande ville vore riktig å kjøpe via rammeavtaleleverandørane. Rektor på skulen seier dei i hovudsak handlar frå Måkestad, men at av og til blir det supplert med innkjøpa frå daglegvarebutikkane. Han meiner rammeavtala gir opning for slike kjøp.

Heddeli barnehage kjøper storparten, nær 80 %, av matvarene frå leverandørar utan rammeavtale. Her er kjøp som det tilsynelatande ville vore riktig å kjøpe frå leverandør med rammeavtale. Meieriprodukt blir kjøpt frå rammeavtaleleverandør. Styrar av barnehagen seier i ein e-post at dei no har begynt med levering frå leverandør med rammeavtale.

Tussejuv barnehage kjøper om lag to tredjedel av matvarene frå rammeavtale-leverandørane. Om lag kr 34 000 er kjøp frå daglegvarebutikkar der det tilsynelatande ville vore riktig å kjøpe frå rammeavtaleleverandør. Styrar i barnehagen seier dei har fokus på å være lojale mot rammeavtalene, men at det vil vere grunnar til at det ikkje er hensiktsmessig å nytte rammeavtaleleverandørane. Dette kan ha med bestillingstid, små kvantum, pedagogiske opplegg, særskilt mat i høve til visse diagnosar m.m. Det blir kjøpt bakerivarer for 19 000 frå lokalt bakeri. Her har kommunen ingen avtale med leverandør.

PC/IT-utstyr

Kommunen hadde ein rammeavtale med Atea AS fram til 14. mai 2016. I perioden 14. mai 2016. – 18. april 2017 hadde kommunen ikkje rammeavtale på kjøp av IT-utstyr/PC. Frå 18. april 2017 har kommunen igjen ein avtale med Atea AS.

Kommunen har driftsavtale med ASPIT AS om drift og oppfølging av IT i kommunen. Dette inneber at ASPIT i visse høve og står for innkjøp på vegner av kommunen. I slike tilfelle skal dei nytte rammeavtaleleverandør. I tabellen ovanfor vil kjøp frå både Atea og ASPIT vere frå rammeavtaleleverandør.

Vi har sett på utgifter ført på rekneskapskonto/art 12001, *IT-utstyr*.

Tabell 4 Utgifter til IT-utstyr(art 12001) fram til 7. november 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent.

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Alternativ Data AS	165 000	30
Apro Tele og data AS	10 000	2
Arrow Value Rocovery Norway AS	27 000	5
ASPIT AS	247 000	45
Atea AS	82 000	15
Dustin Norway AS	7 000	1
Power Seljord Radio og TV	5 000	1
Tanche Nilssen AS	7 000	1
Andre	3 000	0
Totalt	**553 000**	**100**

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

Frå byrjinga av året og fram til 7. november 2017 utgjer kjøp frå rammeavtale-leverandør (Atea og ASPIT) 60 % av den totale utgifta. Kommunen hadde imidlertid ikkje rammeavtale i heile denne perioden. Dersom vi berre ser på perioden april til november 2017 er om lag 90 % av innkjøpa frå rammeavtaleleverandør. I dei siste 10 % ligg eit kjøp av brukte PC 'ar til Flatdal skule. Vi får opplyst frå BTV innkjøp at kjøp av brukt utstyr ikkje er del av rammeavtala.

Seljord barneskule og Seljord ungdomsskule gjorde i mars eit større innkjøp av brukte PC 'ar frå Alternativ Data AS. Til saman var dette ein utgift på kr 165 000. Kommunen sto på det tidspunktet utan rammeavtale. På spørsmål om korleis dette kjøpet vart gjennomført seier rektor på ungdomsskulen at dei over fleire år har kjøpt slikt utstyr frå denne leverandøren, og at det ikkje blei henta inn tilbod frå fleire leverandørar.

Vikarar

Kommunen har rammeavtaler med fire leverandørar av vikarar til helse- og omsorgssektoren. Det er sett ei rekkjefølge for kven av desse som skal bli førespurd først. Dersom den første på lista ikkje har kapasitet til å levere tenester som etterspurd, kan kommunen gå vidare på lista.

I den perioden vi har sett på, er det berre sjukeheimen som har kjøpt vikartenester. Sjukeheimen brukar vikarar for å dekke opp for ferieavvikling om sommaren. Summen ført på rekneskapskonto/art 12702, *kjøp av vikarar* pr. 7. november 2017 var på kr 228 000. Det var Ambio Helse AS som leverte tenesta. Denne leverandøren er nummer tre i prioriteringsrekkefølga.

På spørsmål om kvifor denne leverandøren er valt framfor dei som stå føre på lista seier kommunalsjef for helse og omsorg at dei to andre leverandørane blei kontakta først. Leverandør med første prioritet kunne ikkje tilby vikarar i den aktuelle perioden. Nummer to på lista hadde problem med å avklare om dei kunne tilby vikarar i den aktuelle perioden. Då det nærma seg sommaren utan ei nærmare avklaring, valte kommunen å kontakte leverandør nummer tre på lista. Denne leverandøren kunne tilby vikarar som etterspurd, og kommunen gjorde avtale om vikarkjøp.

Kommunalsjefen opplyser at det blei gjort avtale på telefon/e-post og at det ikkje er laga kontrakt som er lagt inn i kommunen sitt arkiv/sakshandsamingssystemet ePhorte.

Bøker og andre media til bibliotek

Alle kjøp som er belasta konto/art 12003, *bøker og andre media til bibliotek* er kjøpt frå Biblioteksentralen AS

Telefoni – abonnement og trafikk for mobil- og fasttelefoner

Kommunen har frå slutten av september 2016 hatt rammeavtale med Telenor Norge AS om levering av fast- og mobiltelefoni inklusiv datatrafikk. Vi har undersøkt forbruket på artene11302 og 11303, som gjeld abonnement og trafikk for høvesvis fasttelefonar og mobiltelefonar.

Tabell 5 Oversikt over utgifter til telefoni fordelt på leverandør. I kroner og prosent

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Telenor AS	107 000	71 %
TDC	44 000	29 %
Totalt	**151 000**	**100 %**

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

Alt av abonnement og trafikk som gjeld mobiltelefonar er i samsvar med avtalen med Telenor.

TDC leverer framleis delar av fasttelefoni. Vi frå opplyst frå kommunen at det er tekniske årsaker til at Seljord kommune ikkje kunne flytte sin fasttelefoni frå TDC til Telenor samstundes som mobiltelefonien blei flytta. Det er Telenor som har kravd endringar i tekniske løysingar, og som står for arbeidet med desse. Kommunen har lite innverknad på framdrifta. Ei av årsakene til at dette har tatt tid, er at Seljord kommune har felles fasttelefonsentral med Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje.

4.1.3 Kjøp utan rammeavtaler

I samband med undersøkinga av bruken av rammeavtaler, har vi sett at kommunen i fleire tilfelle har kjøp med samla verdi over kr 100 000 frå leverandørar utan rammeavtale. Vi har bedt kommunen gjere greie for kva for avtaler som ligg til grunn for kjøp frå desse leverandørane:

Tabell 6 Utval av leverandørar utan rammeavtale med kommunen

Konto/art	Leverandør	Sum i kroner
11201, Forbruksmateriell reinhald	Seljord elektriske AS	326 000
11202, Kjemikalier, …..	Permakem AS	236 000
11700, Drivstoff og rekvisita	Circle K	249 000
11140, Medikament	Apotek 1 Seljord	326 000
12100, Leasing av transportmiddel	Santander Consumer Bank	580 000
11050 Lærebøker	Vest-Telemark Libris	313 000

Kilde: Seljord kommune sitt rekneskap

Frå rådmannen får vi opplyst følgjande kring dei aktuelle kjøpa:

Kjøpa frå Seljord elektriske AS er gjort i høve til ein samarbeidsavtale frå 2000.

Kommunen har avtale med Sweco om bistand i etableringa av nytt vassverk fram til dette er ferdig funksjonstesta. Sweco har på vegne av kommunen valt leverandør av kjemikaliar, og dei dokumenterer at oppdraget har vore konkurranseutsett. Avtalen

med Sweco om arbeidet med vassverket blei inngått før 2017, og vi har ikkje undersøkt korleis denne avtala er anskaffa.

Vi får opplyst at kommunen ikkje har hatt rammeavtale for kjøp av drivstoff til kommunen sine tenestebilar. Rådmannen opplyser at det vil bli inngått ei rammeavtale (i regi av BTV) med Cirkle K frå november 2017.

Kommunen har avtale om kjøp av medikament med Apotek 1 Seljord, gjeldande frå august 2014. Denne avtalen kan fornyast for 1 år av gongen, fram til eventuelt varsel om at ho ikkje blir fornya.

Når det gjeld avtaler om leige av bilar, seier kommunen at dette er einskildavtaler som blir inngått etter kvart som behovet er der. Det vanlege ved behov for ny bil, er å høyre om pris hjå to av dei lokale bilforhandlerane. Uavhengig av kven av bilforhandlerane kommunen leiger av er det Santander Consumer Bank som står som leverandør i rekneskapen.

Lærebøker gjeld fire innkjøp (frå kr 32 000 – kr 209 000) gjort av Seljord barneskule, Seljord ungdomsskule og Flatdal skule. Kommunalsjef for oppvekst seier at det ikkje er gjennomført konkurranse for kjøp av lærebøker.

4.2 Revisor si vurdering av rammeavtaler

Oversikt over rammeavtaler

Etter vår vurdering har kommunen tilfredsstillande oversikt over rammeavtalene som er inngått i regi av BTV Innkjøp. Desse ligg tilgjengeleg på intranettet, der alle tilsette har tilgang til avtalene.

Dei rammeavtalene som kommunen har inngått sjølv er ikkje samla og gjort tilgjengeleg for alle tilsette. Vår vurdering er at også desse avtalane bør vere tilgjengeleg for alle tilsette i kommunen.

Bruk av rammeavtaler

Medisinsk forbruksmateriell

Etter vår vurdering kjøper kommunen i all hovudsak medisinsk forbruksmateriell frå rammeavaleleverandøren. Det er vist til at det i einskilde tilfelle blir gjort kjøp frå andre leverandørar av di kvalitet hos rammeavtaleleverandøren ikkje blir oppfatta som tilfredsstillande, eller at det er produkt ein finn til vesentlig lågare pris hos anna leverandør. Kommunen vil normalt være forplikta av rammeavtalen til å handle hos

leverandøren om dei har det aktuelle produktet. Dersom dei ikkje er nøgde med pris/kvalitet, så må kommunen ta det med inn i neste forhandlingsrunde.

Kjøp av varer til maskinene som måler blodverdiar skjer gjennom fleire einskilde kjøp, men utgjer totalt over kr 100 000 i løpet av eitt år. Kommunen bør vurdere om det er trong for ein konkurranse om rammeavtale for levering av slike produkt.

Matvarer

Dei instansane vi har undersøkt, kjøper etter vår vurdering i stor grad inn matvarer i samsvar med gjeldande rammeavtaler. Det blir også kjøpt inn varer utanom avtalene og etter vår vurdering kan det vere rimelege grunnar til at dette av og til skjer. Kommunen bør syte for at slike innkjøp skjer i minst mogleg grad.

IT-utstyr

Kommunen mangla rammeavtale på dette området i ein periode på om lag eitt år. I perioden utan rammeavtale blei det gjort større anskaffingar av IT-utstyr. Eit kjøp av brukte PC 'ar i mars 2017 på til saman kr 154 000 er gjort utan konkurranse, og er etter vår vurdering ikkje handsama i tråd med regelverket.

Etter at rammeavtale med Atea AS kom i stand i april 2017 har kommunen i all hovudsak kjøpt varer frå leverandøren med rammeavtale.

Vikarar

Anskaffinga av vikarar til sjukeheimen er etter vår vurdering i samsvar med avtalene som ligg føre. Kommunen har høve til å nytte leverandør med lågare prioritet dersom dei fyrste på lista ikkje har kapasitet til å levere den etterspurde tenesta. Etter vår vurdering burde særleg større avrop[11] på avtalen vore gjort skriftleg, og dokumentert i kommunen sitt arkivsystem.

Bøker og andre media til bibliotek

Alle kjøp som er belasta konto/art 12003, *bøker og andre media til bibliotek* er kjøpt frå Biblioteksentralen AS og er dermed i tråd med rammeavtala.

Telefoni

Kommunen følgjer opp avtala om abbonement og trafikk for mobiltelefonbruk. For fasttelefoni er det forhold ved infrastruktur/tekniske løysingar som gjer at tidlegare

[11] Bestilling av ein vare eller teneste som en tidligare har inngått avtale (rammeavtale) om.

leverandør framleis leverer tenester. Det er Telenor (dagens rammeavtaleleverandør) som er ansvarleg for å legge til rette for dette.

Kjøp utan rammeavtaler

Vi har i samband med undersøking av om kommunen brukar rammeavtalene sett at det er tilfelle der kommunen kjøpar varer/tenester for ein samla verdi over kr 100 000 utan at det ligg føre rammeavtale.

Forbruksmateriell reinhald

Kjøp av forbruksmateriell til reinhald tufta på ei avtale som etter det vi har fått opplyst vart inngått i år 2000. Det er som hovudregel ikkje høve til å ha ei avtale for innkjøp som går over så lang tid. I følgje forskrift om offentlege anskaffingar § 11-1 nr. 4 skal rammeavtaler normalt gjelde for fire år av gongen. Dette har vore ein hovudregel og ei retningsline over fleire år. Kommunen må sørge for konkurranse i samsvar med reglane når det gjeld kjøp av forbruksmateriell til reinhald.

Vi har også sett at kommunen kjøper andre vareslag frå denne leverandøren. Summen for 2017 utgjorde pr. 7. november 2017 om lag kr 370 000 (i tillegg til kr 326 000 for reinhaldsprodukta). Vi har ikkje undersøkt avtalegrunnlaget for denne praksisen. Dersom disse kjøpa også er tufta på avtalen frå 2000 bør kommunen vurdere å sjå på om det er naudsynt med konkurransar/avtaler for fleire varer/varegrupper.

Kjemikaliar

Val av leverandør av kjemikaliar er etter det vi får opplyst frå rådmannen gjort etter ei vurdering av pris og leveringsvilkår frå ulike leverandørar. Konsulentfirmaet har dokumentert dette. Nå vassverket er sett i ordinær drift er det kommunen som har ansvar for rett prosess og type avtale for innkjøp av kjemikaliane ligg føre.

Medikament

Kommunen har etter det vi har fått opplyst inngått avtale frå 2014 om kjøp av medikament frå Apotek 1 Seljord. Vi har ikkje undersøkt korleis anskaffinga av avtalen frå 2014 har vore, men vil peike på at det som hovudregel ikkje er høve til å ha ein rammeavtale som går over lengre tid enn fire år. Det er opplyst at avtalen kan fornyast for 1 år av gongen, fram til eventuelt varsel om at ho ikkje blir fornya. Fireårsregelen gjeld også for slike tidsubegrensa avtaler.

Drivstoff

Kommunen har kjøpt drivstoff og rekvisita for totalt om lag kr 250 000 (pr. 7. november 2017) utan at det har vore rammeavtale med leverandøren. Etter vår

vurdering er dette å rekne som ei direkte anskaffing. Når kommunen går inn i rammeavtale i regi av BTV frå november 2017 ligg det til rette for at dette kjem i lovlege former.

Leige av transportmiddel

Dei einskilde leigeavtalane for bil summerte seg til kr 580 000 pr. 7. november 2017. Regelverket seier klart at dersom oppdragsgivaren har fleire driftseiningar, så skal den samla verdien for alle driftseiningane leggast til grunn for berekning av kva verdi anskaffinga har, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 5-4 tredje ledd. Det er ikkje høve til å dele opp anskaffinga i fleire mindre kjøp. I dette tilfellet er leigeavtalene knytt til kvar og ein bil. Etter vår vurdering er dette ei ulovleg direkteanskaffing. Samla behov for å leige bil må vurderast, og alle avtalene må sjåast i samanheng når kommunen skal vurderer kva slags prosedyrar som må gjennomførast for å sikre at anskaffinga av leigebilar for kommunen er i samsvar med regelverket.

Lærebøker

Etter vår vurdering er dette ei ulovleg direkte anskaffing.

5 Konklusjonar og tilrådingar

5.1 Konklusjonar

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at reglane om offentlige anskaffingar vert følgde?

Kommunen har nokre tiltak for å sikre at reglane om offentlege anskaffingar vert følgde. Til dømes ligg det føre reglement for innkjøp og formelt ansvar for innkjøp er plassert.

Etter vår vurdering kunne kommunen likevel etablert fleire tiltak. Vi vil særleg peike på opplæringstiltak, praktisk informasjon og tilgang til rettleiingar, malar og sjekklister. Det kan også vere føremålstenleg å peike ut ein person med særleg ansvar for innkjøpsarbeidet.

I kva grad vert varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlige anskaffingar?

Større anskaffingar gjennomførd i 2017 som vi har undersøkt er delvis gjennomført i tråd med reglane om offentlige anskaffingar.

Det er gjennomført konkurransar i tråd med regelverket

Det blir i for liten grad nytta protokoll ved anskaffingar som kjem inn under regelverket.

Det er gjort ei større direkte anskaffing som vi meiner ikkje er i tråd med regelverket.

I kva grad bruker kommunen rammeavtalene sine?

Kommunen gjer i stor grad innkjøp i tråd med dei rammeavtaler vi har undersøkt. Ikkje alle rammeavtalane er optimale for det behovet kommunen har, og i enkelte høve fører det til at ein bryt avtalane.

Andre forhold

Vi har ikkje undersøkt korleis kommunen sine rammeavtaler i si tid vart anskaffa. Men vi har sett at kommunen nyttar fleire rammeavtaler/ordningar som uansett har vart lenger enn fire år. Hovudregelen er at ein rammeavtale ikkje kan vare lenger enn fire år før ny konkurranse.

Vi har også sett at kommunen ikkje har rammeavtale/ikkje har hatt konkurranse på fleire varetypar/varegrupper der kommunen gjer innkjøp med ein samla verdi på over kr 100 000 i løpet av eit år. Dette er etter vår vurdering ikkje i tråd med reglane om offentlege anskaffingar. Der det blir gjort jamlege og samla større innkjøp av ein bestemt type vare/varegruppe og dette bør kommunen vurdere om det er føremålstenleg med ein rammeavtale.

5.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon og verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.
- vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstig kr 100 000 i løpet av året.
- sørge for at rammeavtalar som er eldre enn fire år blir fornya/konkurranse-utsett i tråd med regelverket.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.
- Lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)
- Forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)

Kommunale retningslinjer, dokument m.m

- Økonomireglement for Seljord kommune, vedteke oktober 2016

Offentlege dokument

- Veileder til reglene om offentlige anskaffelser (Nærings- og fiskeridepartementet, desember 2017).
- Veileder for anskaffelser av helse- og sosialtjenester (Difi veileder 2013:2)
- Veileder om kjøp av konsulenttjenester (Direktoratet for forvaltning og IKT og Simonsen advokatfirma DA, 2010)
- www.anskaffelser.no (Direktoratet for forvaltning og IKT)

- Rapport: 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunesektoren (Rapport frå arbeidsgruppe 15. desember 2009, Kommunal- og regionaldepartementet, H-2245
- NOU 2014:4 Enklere regler – bedre anskaffelser – Forenkling av det norske anskaffelsesregelverket

Tabelloversikt

Tabell 1 Utgifter til medisinsk forbruksmateriell (art 11100) fram til 7. november 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent av total utgift. 18
Tabell 2 Utgifter til matvarer (art 11150) fram til 7. November 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent. Utgifter til varm mat i institusjon og til heimebuande er ikkje medrekna 19
Tabell 3 Fordeling av kjøp av matvarer på leverandørar med og utan rammeavtaler for eit utval kommunale instansar. I kroner (prosent i parentes). 20
Tabell 4 Utgifter til IT-utstyr(art 12001) fram til 7. november 2017 fordelt på leverandør, i kroner og prosent. 21
Tabell 5 Oversikt over utgifter til telefoni fordelt på leverandør. I kroner og prosent.. 23
Tabell 6 Utval av leverandørar utan rammeavtale med kommunen 23

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå administrasjonssjefen/rådmann
Vedlegg 2: Revisjonskriterium
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen

Seljord kommune
Rådmannen

Arkivkode: 216
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Dir.tlf.:
Vår ref.: 2018/82- 2
Dato: 19.02.2018

U.off ihht: Offl. § 5

TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS
Postboks 2805
3702 SKIEN
Att.: Dag Oftung

Svar på forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar - Høyring

Det visas til annangangs høyringsutkast frå Telemark kommunerevisjon IKS på forvaltingsrevisjon – Offentlege anskaffingar, med høyringsfrist 19.februar 2018.

Eg finn inga ytterligare momenta å kommentere i høyringsutkastet.

Med venleg helsing

Finn-Arild Bystrøm

Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Telemark Kommunerevisjon
Ar.Journalnr.: 18/413 | Kundenr.: 728017
19 FEB 2018
Revisor: Dag Oftung

Postadresse: Brøløsvegen 13A
E-post: post@seljord.kommune.no
Heimeside: seljord.kommune.no

Telefon: 35065100
Telefaks: 35065110
Org.nr:964963738

Bankgiro: 2711.07.10777

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Første problemstilling

I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at reglane om offentlige anskaffingar vert følgde?

I følgje kommuneloven § 23 nr. 2 skal administrasjonssjefen sjå til at administrasjonen blir driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instrukser og at han er gjenstand for «betryggande kontroll». Det går fram av forarbeida til kommuneloven at ansvaret for slik kontroll må reknast som ein naudsynt del av administrasjonssjefen sitt leiaransvar, og at det er i tråd med allment aksepterte prinsipp at ein leiar av ei verksemd etablerer rutinar og system som blant anna skal bidra til å sikre at organisasjonen når dei måla som er sette.[12]

I NOU 2014/4 *Enklere regler – bedre anskaffelser* er det peika på at gode anskaffingar er eit leiaransvar og at leiinga må legge til rette for kontinuerleg forbetring og prioritering av verksemdas anskaffingar. Dette inneber utarbeiding og fastsetting av strategi for anskaffing, eigne mål og oppfølging og evaluering av desse.[13]

Det er ei leiaroppgåve å sørge for at kommunen har tilgang til naudsynt merkantile, tekniske og juridiske kompetansen til å gjøre gode innkjøp. Leiinga har vidare eit ansvar for å skape et miljø der det er høy bevissthet og fokus på risiko og risikohandtering på innkjøpsområdet. Det må være etablert rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvik.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) utviklar offentleg sektor og arbeider mellom anna med innkjøp. På nettsida *Anskaffelser.no* formidlar direktoratet råd og rettleiing om innkjøp i offentleg regi. Her er det mellom anna peika på at sjekklister og malar er hensiktsmessige reiskap for å sikre å sikre rett gjennomføring og dokumentasjon av innkjøp.
På grunnlag av kommuneloven, NOU 2014:4 og anbefalingar frå Difi har vi utleda slike revisjonskriterier:

[12] Ot.prp. nr 70 (2003-2004) s. 105

[13] NOU 2014/4 kapp. 30

- *Kommunen bør ha klare roller og ansvar i innkjøpsarbeidet.*
- *Kommunen bør ha oppdatert innkjøpsreglement.*
- *Kommunen bør ha malar og sjekklister for arbeidet med innkjøp.*

Andre problemstilling

I kva grad vert varer og tenester anskaffa i samsvar med reglane om offentlige anskaffingar?

Lov om offentlige anskaffelser[14] (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser[15] (FOA) gjeld ved tildeling av offentlige kontraktar om levering av varer, tenester eller gjennomføring av bygge- og anleggsarbeid med verdi over 100 000 kr eks. mva. Gjennom EØS-avtalen er Noreg forplikta til å følgje opp EU/EØS-rett. Noreg har i tillegg innført nasjonale reglar som går noko lengre enn det EØS-avtalen krev. Nytt regelverk for offentlige anskaffingar tok til å gjelde 1. januar 2017.

Hensikta med det nye regleverket har vore å forenkle og gjere det meir fleksibelt, og på den måten syte for at samfunnets ressursar blir brukt på ein føremålstenleg måte. Terskelverdiar er auka, noko som gjer at krav til ressursbruk i samband anskaffingar med lågare verdi blir mindre. I det nye regelverket blir krav til samfunnsansvar vektlagt.

Lov om offentlige anskaffingar inneheld dei grunnleggande krava for offentlige anskaffingar. Forskrift om offentlige anskaffingar gir prosedyrekrav for gjennomføring av anskaffingar, og det er *forskrifta* som regulerer prosessen med dei større innkjøpa.

Forskrifta er delt inn i ulike delar, og art og verdi av anskaffinga avgjer kva for del av forskrifta som gjeld. Oppdragsgivar må forholda seg til ulike *terskelverdiar*:

Samla verdi av anskaffinga eks. mva.	**Regelverk som gjeld**
Kr 100 000 – kr 1 100 000	Lov om offentlige anskaffingar **Forskrift om offentlige anskaffingar del I**
NASJONAL TERSKELVERDI: KR 1 100 000 eks. mva.	
Kr 1 100 000 - kr 1 750 000 (for bygg- og anleggskontraktar:	Lov om offentlige anskaffingar

[14] Lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser

[15] Forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser

kr 1,1 mill - kr 44 mill.)	**Forskrift om offentlige anskaffingar del I og del II** Krav om utlysning i **Doffin**[4]
EØS-TERSKELVERDI: KR 1 750 000 (BYGG- OG ANLEGG: KR 44 MILL.) eks. mva.	
Høgare enn kr 1 750 000 (for bygg- og anleggskontrakter: høyere enn kr 44 mill.)	Lov om offentlige anskaffingar **Forskrift om offentlige anskaffingar del I og del III** Krav om utlysning i **Doffin og TED**[5]

Oppdragsgivar har ikkje lov til å dele opp ei planlagt anskaffing for å unngå at forskrifta skal gjelde[16].

Anskaffingar med verdi under kr 100 000 er ikkje omfatta av dei nye anskaffingsreglane , men oppdragsgivar må likevel ivareta prinsippa i regelverket om god forretningsskikk, konkurranse, gjennomsiktighet mv. I Seljord kommune sitt eige regelverk er det lagt vekt på at ein skal følgje konkurranseprinsippet også for anskaffingar av lågare verdi enn kr 100 000. Vidare skal dette bli dokumentert for eventuell seinare kontroll.

Her gjer vi greie for konkrete krav og føresegner i lov og forskrift om offentlige anskaffingar som skal sikre at grunnleggande krav om konkurranse og dokumentasjon er oppfylte.

Berekning av anskaffinga sin verdi
Oppdragsgjevar skal i følgje anskaffelsesforskriften § 5-4 berekne verdien på kontrakten. Ei slik berekning vil vere avgjerande for vidare prosess mellom ann i høve til kva for type konkurranse som kan nyttast, krav til dokumentasjon m.m.

Konkurranse
I lov om offentlege anskaffingar er det i § 4 gjort greie for dei grunnleggande prinsippa som skal gjelde for oppdragsgivarar:

> *Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling , forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.*

[16] Jf. FOA § 3-1 (3)

Anskaffingsprosedyrer
Ved anskaffingar under nasjonal terskelverdi på kr 1 100 000 er det i stor grad opp til oppdragsgivar å avgjere korleis konkurransen om anskaffinga skal gjennomførast. Men oppdragsgivar skal legge til rette for konkurranse mellom fleire tilbydarar.

Anskaffingar over kr 1 100 000 skal gjerast ved open eller avgrensa anbodskonkurranse eller ved konkurranse med forhandling, jf. FOA del II.

Anskaffingar over EØS-terskelverdi skal gjerast ved open eller avgrensa anbodskonkurranse. Oppdragsgivar har også, etter særskilte vilkår, høve til å nytte prosedyrane *konkurranseprega dialog* eller *konkurranse med forhandling,* jf. FOA del III.

Oppdragsgivar som har informert om, annonsert eller kunngjort ei bestemt konkurranseform, er bunden av den valte konkurranseforma. Oppdragsgivar må følge reglane for den valte anskaffingsprosedyren gjennom heile konkurransen.

Kunngjering av konkurranse
For at det skal bli reell konkurranse om ei anskaffing, er det ei føresetnad at leverandørane blir gjort merksame på at oppdragsgivar skal gjere ei anskaffing.

For avskaffinger under kr 1 100 000 er det ikkje krav om kunngjøring av konkurransen. Oppdragsgiver kan for disse anskaffingane velge å annonsere konkurransen i aviser, på internett eller foreta en frivillig kunngjøring i Doffin. Oppdragsgiver kan også invitere leverandører til å delta i konkurransen. Tall på leverandører som blir inviterte bør være mange nok til å sikre en reell konkurranse. Ei vanlig oppfatning er at oppdragsgivar bør vende seg til/sende tilbudsforespurnad til mints tre leverandører.

Anskaffingar med verdi over kr 1 100 000 må bli kunngjort i Doffin (den norske databasen /kunngjøringstjenesten for offentlig innkjøpsinformasjon). For anskaffingar over EØS-terskelverdi er det i tillegg krav om publisering i TED-databasen (EUs offisielle kunngjøringstjeneste for offentlige anskaffingar i hele EØS-området).

Beskriving av konkurransen og kontrakten
Oppdragsgivar må beskrive for leverandørane kva for krav og kriterier som gjeld for konkurransen og for kontrakten.

For avskaffingar under kr 1 100 000 er det ikkje stilt opp krav til korleis oppdragsgivar skal beskrive konkurransen eller kontrakten.

For anskaffingar over kr 1 100 000 seier forskrifta § 8-1 (1) og § 17-1 det skal bli utarbeidd eit konkurransegrunnlag dersom vilkåra for konkurransen ikkje kan beskrivast tilstrekkelig utfyllande i kunngjøringa. Slikt konkurransegrunnlag skal opplyse om kva som skal anskaffast og korleis konkurransen skal gjennomførast. I konkurransegrunnlaget skal det bli gjort greie for anskaffingsprosedyre, fristar og tildelingskriterier. Saman med kunngjøringa skal konkurransegrunnlaget gi leverandørene de opplysningar som er naudsynte for at dei skal kunne utarbeide eit fullstendig og fullverdig tilbod.

Krav til leverandøren

Kvalifikasjonskrav er minimumskrav som dreier seg om leverandøren er egna til å levere den aktuelle varen eller tenesta. Nokre krav er oppdragsgivar pålagt å stille til leverandørene, mens andre krav er valfrie. Oppdragsgivar har høve til å stille krav til leverandørenes tekniske kvalifikasjonar og finansielle/økonomiske stilling. Krav til leverandørenes kvalifikasjonar skal bli opplyst om i kunngjøringa og eventuelt bli gjort nærmare greie for eige kvalifikasjonsgrunnlag. Oppdragsgiver må ved vurdering av leverandørene nytte lovlige, og for leverandørene, på forhand kjente kvalifikasjonskrav.

Kriterier for val av tilbud

Tildelingskriterier er de kriterier leverandørenes tilbod vurderast etter. Tildeling skal skje enten på basis av kva for tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige, eller utelukkande ut frå kva for tilbod som har den lågaste prisen. Dersom tildeling skjer etter andre kriterier enn lågaste pris, skal disse bli gjort greie for i kunngjøringa eller i konkurransegrunnlaget, om mulig i prioritert rekkefølge. Ved evaluering av tilbod har oppdragsgivar ikkje lov til å vektlegge andre kriterier enn de som er oppgitt. Når kontrakt skal tildeles det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, skal tildelingskriteriene ha tilknyting til kontraktens gjenstand og være egna til å identifisere det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

Etterprøvbarhet

Oppdragsgivar skal fortløpande sikre at de vurderingar og dokumentasjon som er viktig for gjennomføringa av konkurransen, er skriftlige, slik at en tredje person eller eit klageorgan i ettertid kan få en god forståing av oppdragsgivars vurderingar og upartiskheit.

Oppdragsgivar pliktar å oppbevare dokumentasjon som er tilstrekkeleg til å grunngje viktige avgjersler i anskaffingsprosessen uansett verdi på anskaffinga.

For anskaffingar etter del II og del III av forskrifta skal oppdragsgivar føre ein anskaffingsprotokoll for gjennomføringa av anskaffinga. Sjølv om ordet protokoll ikkje vert brukt i del I av forskrifta, er det mest fornuftige å samle dokumentasjonen i ein protokoll også for desse anskaffingane. Protokollen skal gjøre greie for vesentlige forhold og viktige avgjerder gjennom heile anskaffingsprosessen.

Protokollen skal blant anna opplyse om verksemdas namn, kva for vare eller teneste som skal bli anskaffa, berekna verdi på kontrakten, Korleis ein har sikra reell konkurranse, namn på leverandører som har levert tilbod og kort grunngiving for val av leverandør og kontraktsverdi. Protokollen skal også innehalde dato og signatur.
På grunnlag av det som er nemnt over har vi utleda slike kritererier for undersøkinga:

Kommunen skal gjennomføre konkurranse ved å:

- *Berekne verdien av anskaffinga, nytte lovleg prosedyre og gjennomføre konkurranse i samsvar med denne.*
- *Informere leverandører om anskaffinga*
    - *ved annonse eller direkte førespurnad til mange nok leverandører for anskaffingar under kr 1 100 000*
    - *ved kunngjering i Doffin for anskaffingar over kr 1 100 000*
    - *ved kunngjering i Doffin og i TED for anskaffingar med anslått verdi over gjeldande EØS-terskelverdi*
- *Beskrive konkurransen og kontraktsvilkåra*
    - *ved bruk av konkurransegrunnlag for anskaffingar over kr 1 100 000.*

Vidare skal kommunen sine anskaffingar kunne prøvast i ettertid ved at kommunen:

- *Sikrar at dei vurderingane og den dokumentasjonen som har betyding for gjennomføringa av konkurransen er skriftlig.*
- *Fører anskaffingsprotokoll for anskaffingar over kr 1 100 000.*

Tredje problemstilling

I kva grad bruker kommunen rammeavtalene sine?

Bruk av rammeavtaler er regulert i Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften).

Ein rammeavtale er ein avtale som er inngått mellom ein eller fleire oppdragsgivarar og ein eller fleire oppdragstakarar[17]. Avtalen har til formål å fastsette vilkår for dei kontraktane som skal tildeles i en periode, særlig med omsyn til pris og volum[18].

Rammeavtaler er særleg hensiktsmessige der kommunen til stadighet kjøper en vare eller teneste, og der det samla beløpet overstig kr 100 000 (ekskl. MVA). Dersom det samla beløpet er over kr 100 000 kjem kjøpa inn under lov om offentlige anskaffelser og det er krav om konkurranse hjå fleire tilbydarar.

Ei rammeavtale kan gi fleksibilitet og lettar det administrative arbeidet i samband med anskaffingar. Dette av di avrop (kjøp) kan bli gjort raskt utan at ny konkurranse i marknaden.

Ein rameavtale kan som hovudregel ikkje vare i meir enn fire år.

I rapporten *85 tilrådinger for styrkt eigenkontroll i kommunesektoren* (Rapport frå arbeidsgruppe 15. desember 2009, Kommunal- og regionaldepartementet, H-2245) heter det:

> *Kommunen bør lage eit system for oppbevaring av rammeavtaler, og avtalane må vere tilgjengelege*

På denne bakgrunn har vi utledet følgande revisjonskriterier:

- *Kommunen bør ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtaler*
- *Kommunen skal følge dei rammeavtalene som til ein kvar tid gjeld.*

[17] FOA § 4-1 bokstav i.

[18] Veileder til reglene om offentlige anskaffingar, kap 8

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev om oppstart til Seljord kommune, dagsett 26. september 2017. Oppstartsmøte med rådmann og kommunalsjef for plan, utvikling og tekniske tenester blei halde på kommunehuset i Seljord 12. oktober 2017.

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden oktober til desember 2017.

Innsamling og analyse av data

Vi har fått tilgang til kommunen sitt økonomireglement, som inneheld innkjøps-reglement og delegasjonsreglement.

Vi har intervjua konstituert rådmann . Det er skrive referat frå intervjuet og referatet er verifisert.

Vi har hatt tilgang til kommunen sin rekneskap. Rekneskapen er lasta over i Excel og det er gjort ulike sorteringar etter sum, art/konto og leverandør.

Vi har undersøkt enkelte større eingongs innkjøp der anskaffinga er sett i verk (dvs. kunngjort eller sendt førespurnad) etter 1. januar 2017. For å undersøke desse innkjøpa har vi hatt tilgang til kommunen sitt arkivsystem og sett på mapper/arkivmateriale som er lagra i samband med desse kjøpa. Utplukk av kjøp er gjort med bakgrunn i ei oversikt frå kommunen over større kjøp og eigne vurderingar etter søk i rekneskapen.

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.

- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)
- Lov 29. januar 1999 nr 6 om interkommunale selskaper
- Forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Bøker

- Frode A. Innjord (red.): Plan- og bygningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk Forlag, 2010

Rapportar

- Telemarksforsking: Selvkost i Volda kommune, TF-notat nr 7/2014

Offentlege dokument

- Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester* Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande frå 01.01.2015.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Regnskapsrapporteringen i KOSTRA – Veiledning* – 2017
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Veiledning til forskrift om brannforebygging* (2016)
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Temaveiledning til kapittel 4 i forskrift om brannforebygging* (2016)

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå administrasjonssjefen/rådmann
Vedlegg 2: Revisjonskriterium
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Vest-Telemark Brannvesen

c/o VTK
3891 HØYDALSMO

Telefon: 35 07 57 11
Telefaks: 35 07 57 35
E-post: post@vtbv.no
Org. nr.: 994 517 139 mva

Telemark kommunerevisjon IKS 17.10.17

Kommentarar til utkast revisjonsrapport

1. Rapport side 7 siste avsnitt: Tilsette. I tillegg til leiar skal det vera åtte tilsette, alle i 100% stillingar.
2. Rapport side 14 siste avsnitt: Brannsjefen meiner at det er selskapsavtala som styrer korleis pipeprisen blir utrekna. Altså årsbudsjett for t.d 2016 dividert på antall piper pr. 01.01.15.
3. Rapport side 16 nest siste avsnitt: Denne tabellen blir lagt som vedlegg til rekneskapen, men ikkje lagt inn i årsmeldinga.

Med helsing

Tore Metveit
Tore Metveit
Brannsjef

POSTADRESSE:
3891 HØYDALSMO

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Problemstilling 1 og 2 har ikkje revisjonskriterier.

Problemstilling nr 3

I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagte tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45 og einskilde særlovsbestemmelser.

Det er Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven) som er heimelsgrunnlaget for sjølvkost innan feie- og tilynstenestene.

Retningsliner for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14), utgitt av kommunal og fornyingsdepartementet, gir føringar for korleis kommunane skal handtere sjølvkostprinsippet.

Sjølvkosttenester kan i følgje H-3/14 organiserast på fleire måtar, men prinsippet om sjølvkost er uavhengig av korleis ein organiserer tenesta. Ein måte å organisere tenesta på er Interkommunalt selskap IKS, slik det er gjort i Vest-Telemark.

> *Selvkostprinsippet gjelder uavhengig av hvordan tjenesten er organisert. Det mest vanlige er at kommunen som sådan er ansvarlig for å utarbeide selvkostkalkyler. Dersom selvkosttjenesten, dvs. de direkte henførbare tjenestene, kjøpes gjennom andre selskaper, samarbeidsformer eller foretak etter anbudsrunde, vil kjøpsprisen inngå i kommunens selvkost som en direkte kostnad.*
>
> *Disse selskapene, samarbeidsformene og foretakene kan imidlertid på sin hånd være ansvarlige for å utarbeide selvkostkalkyler for selvkosttjenesten, herunder eventuelt et system for hvordan de direkte kostnadene skal fordeles på deltakende kommuner.*

Selskap som utfører feie- og tilsynstenestene for kommunane som eigenregi må dokumentere sjølvkost på same måte som kommunen må dokumentere sjølvkost når kommunen sjølv er tenesteleverandør.

Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark har også ansvar for andre kommunale oppgåver innan brannvern. Desse tenestene skal ikkje finansierast innanfor sjølvkostrekneskapen. Det kan såleis vere risiko for krysssubsidiering.

Fastsetting av gebyr kan ikkje overstige sjølvkost for den aktuelle tenesta. Når kommunen skal berekne sjølvkost, må kommunen finne dei meirkostnadene som kommunen har ved å yte sjølvkosttenesta. Dersom sjølvkosttenesta blir kjøpt gjennom eit anna selskap vil prisen på den levert tenesta vere den direkte kostnaden i kommunens sitt sjølvkostrekneskap.

Hovudregelen er at kommunen, men i dette tilfelle selskapet, alltid kan knytte direkte kostnader til den aktuelle sjølvkosttenesta. Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte tenesta. Sjølvkostrettleiaren legg til grunn at dei utgiftene som er ført på KOSTRA-funksjon for den aktuelle tenesta er dei direkte kostnadene.

Indirekte kostnader er deler av kostnader som i rekneskapen blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettleiaren[7]. Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggast inn i sjølvkostkalkylen.

I rettleiaren H-3/14 er kostnader til representantskap og styre omtalt:

> *For interkommunale selskaper (samarbeid) kan alle kostnader knyttet til selskapsorganene regnes som direkte henførbare kostnader, herunder også etablerings- og avviklingskostnader ved omdannelser. Valget av selskapsform medfører nye kostnader til generalforsamling/representantskap. Kostnader til*

[7] KOSTRA-rettleiaren er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

styret regnes også som henførbar, og vil være med hvis tjenesten er organisert i et kommunalt foretak.

For å finne riktig del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkel kommunen bør bruke.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkel, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter

Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, og skal bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal berekne lineære avskrivingar[8] av anlegga. Avskrivingane starter normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også berekne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Rettleiaren rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente[9] pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng.

Overskott og underskott på sjølvkosttenestene skal etter nærmare reglar settast på fond/memoriakonto. Rettleiaren seier at : *Med hensyn til hvor selvkostfondet skal ligge, vil det som utgangspunkt være naturlig at den enheten som har gebyrinntektene, også har fondet.* I Vest-Telemark er det eigarkommunane som har gebyrinntektene og selskapet opererer ikkje med sjølvkostfond framførbart underskott.

[8] Lineære avskrivingar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal førast i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivinga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.

[9] Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

Revisjonskriterier

- *Alle kostnader for feiing og tilsyn selskapet fakturerer kommunane skal kunne knytast til den aktuell sjølvkosttenesta.*
- *Selskapet skal vurdere kva for indirekte kostnader som høyrer til feie og tilsynstenesta.*
- *Det skal være full kostnadsdekning for selskapet på feie og tilsynstenestene.*
- *Sjølvkosten bør vere dokumentert*

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev til selskapet om oppstart til 14. juni 2017.

Innsamling av data og rapportskriving harv gått føre i perioden frå sommaren til oktober 2017.

Rapporten ble sendt på høyring til selskapet v/dagleg leiar og eigarrepresentantar i kommunane 6. oktober 2017.

Innsamling og analyse av data

Vi har fått tilgang gang til selskapsavtala med eigarkommunane, rekneskap og årsmelding 2016, fakturaer til kommunane og styre- og representantskapsdokument.

Leiar av Brannvernsamarbeidet er intervjua. Det er skrivi referat og dette er verifisert av vedkommande.

Det har vore e-postkorrespondanse med andre aktørar, til dømes styreleiar, revisor og rekneskapsansvarleg.

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg. Det betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt.

Påliteleg betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt. Skriftlege kjelder er slik sett pålitelege og kan etterprøvast. Personane vi har fått opplysningar frå er sentrale i høve til arbeid med drift og økonomi i selskapet.

Vi meiner at data som er henta inn frå kontaktpersonen og dokumenta vi viser til ovanfor er relevante og gyldige i høve til problemstillingane for prosjektet. Vi meiner vi har undersøkt dei forholda som problemstillingane skal avklare.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon[10].

I følgje RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*.

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

10 Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 16/13024-6
Arkivkode 216
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	22.11.2017	23/17

Rapport - Selskapskontroll - Brannversamarbeidet i Vest Telemark IKS og sjølvkost feietenester – Seljord kommune

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- vurdere å gjere eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast.

Bakgrunn for saka:

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 30.11.2016 sak 25/16. Følgjande vedtak vart fatta:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan og tilbodet på Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS frå Telemark kommunerevisjon som det ligg føre. Med ein samla pris på kr. 200 000,-.

Kontrollutvalet ynskjer å ta med ei undersøking av Fyresdal kommune si prissetting av feie- og tilsynstenestene i forhold til sjølvkostreglane. Med ein ekstra pris på kr 20 000,-

Kontrollutvala i dei seks eigarkommunane har i likelydande vedtak hausten 2016 bestilt forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS med tema sjølvkost. Forvaltningsrevisjonen har som formål å kontrollere at selskapet kan dokumentere sjølvkost for feie- og tilsynstenestene. I tillegg har revisjonen beskrive organiseringa av selskapet, tenestene og kostnadsnivået.

Saksopplysningar:

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Dag Oftung la fram selskapskontrollrapport – «433 006 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost» og forvaltningsrapport «433006-3 Sjølvkost på feietenester - Seljord kommune» i fellesmøte med dei andre kontrollutvala frå Vest – Telemark. Frå Seljord kontrollutval møtte leiar Sigrun Dyrland Eidal og Mette Aanderaa. Utvalet vart ikkje vedtaksføre og handsaminga av saka vert utsatt til dagens møte.

Med bakgrunn i høyringssvar frå rådmannen, og ei nærmare vurdering etter at rapportane vart oversendt sekretariatet til møtet 25.10, har revisjonen utarbeidd ein ny versjon av rapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune». Denne erstattar den tidlegare utgåva.

Problemstillingar i rapporten Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost:

- Korleis er Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS organisert?
    - Formell organisering
    - Økonomisk organisering og fordeling av utgifter mellom kommunane og selskapet
    - Ansvarsfordeling og roller – selskapet og kommunane
    - Dokumentasjon av verksemda

- Korleis er nivået på utgifter og tenester for eigarkommunane i forhold til andre kommunar?

- I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Revisjonen har avgrensa rapporten til forholda i selskapet i året 2016. Forvaltningsrevisjonen er avgrensa mot sjølvkostberekninga i den einskilde kommune. Dei kommunane som har tinga revisjon av dette vil få utarbeidd eigen delrapport. Revisjonen har ikkje sett på kvaliteten i sjølve tenestene.

Problemstilling i rapporten Sjølvkost på feietenester - Seljord kommune :
Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Revisjonen har undersøkt forholda i 2016. Revisjonen har ikkje undersøkt kvaliteten på tenestene.
I følgje brann- og eksplosjonsvernlova er det opp til kommunen korleis gebyra for den einskilde skal utformast. Dette har revisjonen ikkje undersøkt nærare.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet legg fram anbefalingane frå rapportane som forslag til vedtak.

Vedlegg:
-433 006 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost
-433006-3 Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune – Ny utgåve
-Oversendingsbrev til ny versjon av rapport.

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 22.11.2017 sak 23/17

Møtehandsaming
Ordfører Halfdan Haugan ga utvalet ei orientering om dagnes situasjon i selskapet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.

- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- vurdere å gjere eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast.

RETT UTSKRIFT
DATO 28.november.2017

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 16/13024
Arkivkode
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	22.11.2017	23/17

Rapport - Selskapskontroll - Brannversamarbeidet i Vest Telemark IKS

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 22.11.2017 sak 23/17

Møtehandsaming
Ordfører Halfdan Haugan ga utvalet ei orientering om dagnes situasjon i selskapet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.

- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- vurdere å gjere eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast.

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-21
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 03.04.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	25/18	12.04.2018

Ordføraren sine fullmakter til å forhandle tilsettingsvilkår for ny rådmann

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Saksframlegg administrasjonsutvalet sak 7/18
2 Protokoll administrasjonsutvalet sak 7/18
3 Saksutskrift kontrollutvalet sak 2/18
4 Saksprotokoll kontrollutvalet sak 2/18

Saksutgreiing til sak 7/18 i administrasjonsutvalet:

I samband med tilsetting av rådmann, Finn-Arild Bystrøm, er det behov for ei avklaring rundt tilsettingsvilkåra som er avtalt. Eit samla administrasjonsutval beslutta at Bystrøm skulle få tilbod om stillinga som rådmann, avtala eit lønsnivå og klargjorde prosedyrar for vidare prosess.
Då Bystrøm takka ja til jobben synte han i eit følgjeskriv til ei avtale med ordføraren om bustad til fri disposisjon i tillegg til dei øvrige vilkåra – sjå vedlegg. Dette var ukjend for administrasjonen. Ved tiltreding i stillinga den 01.12.2017 var ein kommunal turnusbustad ledig, og Bystrøm fekk høve til å flytte inn i denne inntil ny turnuskandidat skulle kome 14.02.2018. Administrasjonen oppfatta at denne skulle Bystrøm betale ordinær husleige for, medan Bystrøm synte til sin overeinskomst med ordføraren der det var sagt at bustaden skulle vere som ein del av godtgjeringa for rådmannsjobben.

Seljord kommune har ikkje tenestebustader til andre enn turnuskandidatar innan medisin og fysioterapi. Utover dette er Seljord kommunes bustader meint til bustadsosiale føremål, der ei eigen administrativt samansett tildelingsgruppe ser kven som til ei kvar tid har behov for ein slik bustad. Rådmannen er ikkje i ei slik målgruppe, og ordføraren sit ikkje i tildelingsgruppa og har ikkje mynde til å tildele slike bustader.

Dersom ein kommunal bustad blir leigd ut utan at kommunen tek leige for denne, vil det medføre eit økonomisk tap for kommunen. Dersom rådmannen må finne bustad til leige via den private

marknaden og det er avtalt at kommunen skal betale for ei husleige, blir det ein utgift som går på kommunens botnline.

I tilsetting av ny rådmann i Seljord kommune i 2017 utgjorde administrasjonsutvalet tilsettingsutvalet. Ordføraren aleine har ingen mynde til å inngå avtaler av økonomisk karakter med nokon. Det er berre i eit samla utval at administrasjonsutvalet hadde høve til å ta stilling i slike spørsmål. Det er elles det politiske forhandlingsutvalet som utgjer forhandlingsorgan for rådmannens løn, jamfør Hovudtariffavtala kap. 3.4.1.
Administrasjonen har ved fleire høve forsøkt å kome til klarheit om kva som er avtala og ikkje, men det er framleis behov for få fram fakta i denne saka.
Administrasjonsutvalet må få klarheit i kva som er avtala i samband med tilsettinga og med kva for mynde dette er avtalt. Deretter må utvalet finne ut av korleis kommunen skal handtere avtala.

Rådmannen si tilråding:
Saka blir lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Administrasjonsutval - 02.02.2018
Både ordførar og rådmann vart vurderte som inhabile i handsaming av denne saka. Varaordførar trådde inn som ordførar i saka. Konstituert rådmann vart Ingeborg Nenseter Jensen.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutval - 02.02.2018
Administrasjonsutvalet meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Vi ber kontrollutvalet sjå på handsaminga av tilsettingssaka og tilsettingsvilkåra. Saka blir oversendt til kommunestyret med innstilling om at administrasjonen finn eit tilfredsstillande husvære dekt av Seljord kommune.

Kontrollutvalet handsama 07.03.2018 sak 2/18, etter at administrasjonsutvalet i sak 7/18 den 02.02.2018 sende saka vidare til kontrollutvalet. Saka omhandlar fullmakt til å forhandle tilsettingsvilkår i samband med tilsetting av ny rådmann, Finn-Arild Bystrøm, der det kjem fram at ordføraren har lova ny rådmann fri bustad som ein del av tilsettingsvilkåra. I tillegg skal ordføraren ha vike frå prinsippa rundt lønsfastsetting og vidare framdrift dersom fyrste kandidat takka nei til tilbodet, slik eit samla administrasjonsutvalet vart samde om.

Til kontrollutvalet 07.03.2018 vart organisasjons- og personalsjefen og ordføraren kalla inn for å orientere som saka, og rådmannen vart beden om å svare på spørsmål. Sjå vedlagde saksframlegg sak 2/18 frå Telemark kontrollutvalssekretariat.

Kontrollutvalet fatta fylgjande vedtak i saka:
Kontrollutvalet si uttale til kommunestyret:
Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa frå ordførar og personalsjef om saka og ønskjer ikkje å gå vidare med saka.
Kontrollutvalet vil likevel påpeike at det er grunn til å tru at ordførar gjekk utanfor sitt mandat ved å tilby fri bustad, dette var uheldig. Kommunen må for ettertida sørge for klare mandat og gode rutinar i tilsettingssaker.

Nye saksopplysningar:
Administrasjonsutvalet har vedteke at saka skal vidare til kommunestyret med ei innstilling om at administrasjonen finn eit tilfredstillande husvære til ny rådmann, dekt av kommunen. I møtet den 2.2.18 fekk administrasjonen eit munnleg råd om å handtere vedtaket slik at ein skulle syte for at husværet låg klart til handsaming i kommunestyret.

Administrasjonen har funne eit husvære i den private marknaden for rådmann, kostnaden for dette er i tillegg til straum/internett, ei husleige på 5.500,- kr i månaden. Dette gir i praksis ein utgift for Seljord kommune på omlag 7000 kr i månaden, altså 84 000 pr. år netto. Når ein summerer dette syner det at Bystrøm totalt har tilsettingsvilkår tilsvarande ein verdi av 944 000 kr frå Seljord kommune.

Det kom fram i kontrollutvalets utspørjing av Bystrøm at fri bustad var eit avgjerande vilkår for at han skulle takke ja til jobben som rådmann i Seljord kommune, sidan kommunen ikkje var villig til å tilby meir enn 860 000 kr i årsløn. Det ligg ikkje føre noko skriftelg avtale om fri bustad mellom Seljord kommune og Bystrøm. Administrasjonen vart merksam på denne munnlege avtala mellom ordførar og påtroppande rådmann, då Bystrøm la ved eit skriv der han etterlyste at avtalt fri bustad skulle vere nedfelt i arbeidskontrakten – slik det går fram av følgjeskrivet i sak til administrasjonsutvalet.

Kontrollutvalet vedtok å ikkje gå vidare med saka, og legg til at ein må for ettertida syte for å ha gode rutinar og klare mandat. Dersom kommunestyret ynskjer at administrasjonen skal kome med forslag til korleis dette kan bli løyst, må ein be om eigen sak for dette. Frå administrasjonen si side, opplever ein at kommunen generelt har gode rutinar for handsaming av administrative tilsettingssaker, i tråd med Hovudtariffavtala (HTA) og Arbeidsmiljølova (AML).

Konklusjon:
Utan å konkludere om ordførar har hatt fullmakt til å inngå avtale, har administrasjonsutvalet bede administrasjonen om å rydde opp slik at Bystrøm har eit høveleg husvære når han er i Seljord. Då dei samla tilsettingsvilkåra var heilt sentrale for at han skulle tiltre i rådmannsjobben, har administrasjonen ordna med husvære i tråd med administrasjonsutvalet ynskje. Kommunestyret må ta stilling til administrasjonsutvalet si innstilling og løyve midlar til å dekkje husvære for rådmannen omlag 84.000,- kr. Administrasjonen rår til at desse midlane blir tatt frå disposisjonsfondet i 2018, og at ramma for PO1 vert utvida tilsvarande i samband med budsjett 2019 og vidare i økonomiplanperioden.

Administrasjonsutvalet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Kommunestyret meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Kontrollutvalet har handsama detaljane rundt tilsetting og vedtatt å ikkje gå vidare med saka. Det bør løyvast midlar i storleik 84.000,- kr, slik at rådmanns husvære blir dekt av kommunen. Kommunestyret må ta stilling til kvar midlane skal bli tatt frå.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-19
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 26.01.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	7/18	02.02.2018

Tilsettingsvilkår

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Følgjebrev

Følgjeskriv frå Finn-Arild Bystrøm i samband med tilsetting som rådmann.

Saksutgreiing:

I samband med tilsetting av rådmann, Finn-Arild Bystrøm, er det behov for ei avklaring rundt tilsettingsvilkåra som er avtalt. Eit samla administrasjonsutval beslutta at Bystrøm skulle få tilbod om stillinga som rådmann, avtala eit lønsnivå og klargjorde prosedyrar for vidare prosess.

Då Bystrøm takka ja til jobben synte han i eit følgjeskriv til ei avtale med ordføraren om bustad til fri disposisjon i tillegg til dei øvrige vilkåra – sjå vedlegg. Dette var ukjend for administrasjonen. Ved tiltreding i stillinga den 01.12.2017 var ein kommunal turnusbustad ledig, og Bystrøm fekk høve til å flytte inn i denne inntil ny turnuskandidat kjem 14.02.2018. Administrasjonen oppfatta at denne skulle Bystrøm betale ordinær husleige for, medan Bystrøm synte til sin overeinskomst med ordføraren der det var sagt at bustaden skulle vere som ein del av godtgjeringa til rådmannsjobben.
Seljord kommune har ikkje tenestebustader til andre enn turnuskandidatar innan medisin og fysioterapi. Utover dette er Seljord kommunes bustader meint til bustadsosiale føremål, der ei eigen administrativt samansett tildelingsgruppe ser kven som til ei kvar tid har behov for ein slik bustad. Rådmannen er ikkje i ei slik målgruppe, og ordføraren sit ikkje i tildelingsgruppa og har ikkje mynde til å tildele slike bustader.

Dersom ein kommunal bustad blir leigd ut utan at kommunen tek leige for denne, vil det medføre eit økonomisk tap for kommunen. Dersom rådmannen må finne bustad til leige via den private

marknaden og det er avtalt at kommunen skal betale for ei husleige, blir det ein utgift som går på kommunens botnline.

I tilsetting av ny rådmann i Seljord kommune i 2017 utgjorde administrasjonsutvalet tilsettingsutvalet. Ordføraren aleine har ingen mynde til å inngå avtaler av økonomisk karakter med nokon. Det er berre i eit samla utval at administrasjonsutvalet hadde høve til å ta stilling i slike spørsmål. Det er elles det politiske forhandlingsutvalet som utgjer forhandlingsorgan for rådmannens løn, jamfør Hovudtariffavtala kap. 3.4.1.

Administrasjonen har ved fleire høve forsøkt å kome til klarheit om kva som er avtala og ikkje, men det er framleis behov for få fram fakta i denne saka.

Administrasjonsutvalet må få klarheit i kva som er avtala i samband med tilsettinga og med kva for mynde dette er avtalt. Deretter må utvalet finne ut av korleis kommunen skal handtere avtala.

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-19
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 26.01.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	7/18	02.02.2018

Tilsettingsvilkår

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Følgjebrev

Følgjeskriv frå Finn-Arild Bystrøm i samband med tilsetting som rådmann.

Saksutgreiing:

I samband med tilsetting av rådmann, Finn-Arild Bystrøm, er det behov for ei avklaring rundt tilsettingsvilkåra som er avtalt. Eit samla administrasjonsutval beslutta at Bystrøm skulle få tilbod om stillinga som rådmann, avtala eit lønsnivå og klargjorde prosedyrar for vidare prosess.

Då Bystrøm takka ja til jobben synte han i eit følgjeskriv til ei avtale med ordføraren om bustad til fri disposisjon i tillegg til dei øvrige vilkåra – sjå vedlegg. Dette var ukjend for administrasjonen. Ved tiltreding i stillinga den 01.12.2017 var ein kommunal turnusbustad ledig, og Bystrøm fekk høve til å flytte inn i denne inntil ny turnuskandidat kjem 14.02.2018. Administrasjonen oppfatta at denne skulle Bystrøm betale ordinær husleige for, medan Bystrøm synte til sin overeinskomst med ordføraren der det var sagt at bustaden skulle vere som ein del av godtgjeringa til rådmannsjobben.
Seljord kommune har ikkje tenestebustader til andre enn turnuskandidatar innan medisin og fysioterapi. Utover dette er Seljord kommunes bustader meint til bustadsosiale føremål, der ei eigen administrativt samansett tildelingsgruppe ser kven som til ei kvar tid har behov for ein slik bustad. Rådmannen er ikkje i ei slik målgruppe, og ordføraren sit ikkje i tildelingsgruppa og har ikkje mynde til å tildele slike bustader.

Dersom ein kommunal bustad blir leigd ut utan at kommunen tek leige for denne, vil det medføre eit økonomisk tap for kommunen. Dersom rådmannen må finne bustad til leige via den private

marknaden og det er avtalt at kommunen skal betale for ei husleige, blir det ein utgift som går på kommunens botnline.

I tilsetting av ny rådmann i Seljord kommune i 2017 utgjorde administrasjonsutvalet tilsettingsutvalet. Ordføraren aleine har ingen mynde til å inngå avtaler av økonomisk karakter med nokon. Det er berre i eit samla utval at administrasjonsutvalet hadde høve til å ta stilling i slike spørsmål. Det er elles det politiske forhandlingsutvalet som utgjer forhandlingsorgan for rådmannens løn, jamfør Hovudtariffavtala kap. 3.4.1.

Administrasjonen har ved fleire høve forsøkt å kome til klarheit om kva som er avtala og ikkje, men det er framleis behov for få fram fakta i denne saka.

Administrasjonsutvalet må få klarheit i kva som er avtala i samband med tilsettinga og med kva for mynde dette er avtalt. Deretter må utvalet finne ut av korleis kommunen skal handtere avtala.

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Administrasjonsutval - 02.02.2018

Både ordførar og rådmann vart vurderte som inhabile i handsaming av denne saka. Varaordførar trådde inn som ordførar i saka. Konstituert rådmann vart Ingeborg Nenseter Jensen.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutval - 02.02.2018

Administrasjonsutvalet meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Vi ber kontrollutvalet sjå på handsaminga av tilsettingssaka og tilsettingsvilkåra. Saka blir oversendt til kommunestyret med innstilling om at administrasjonen finn eit tilfredsstillande husvære dekt av Seljord kommune.

Utskrift til:

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 18/03804-1
Arkivkode 030
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	07.03.2018	2/18

Tilsettingsvilkår rådmannen - sak frå administrasjonsutvalet

Forslag frå sekretariatet:

Ingen forslag til vedtak.

Bakgrunn for saka:

Administrasjonsutvalet hadde sak om tilsettingsvilkår for rådmannen i møtet 02.02.2018, sak 7/18. Saka vart satt opp for å få klarheit i kva som er avtala i samband med tilsettinga av ny rådmann og med kva for mynde dette er avtalt.

Administrasjonsutvalet fatta følgjande vedtak i saka:
Administrasjonsutvalet meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Vi ber kontrollutvalet sjå på handsaminga av tilsettingssaka og tilsettingsvilkåra.

Saka blir oversendt til kommunestyret med innstilling om at administrasjonen finn eit tilfredsstillande husvære dekt av Seljord kommune

På bakgrunn av vedtak i administrasjonsutvalet leggast saka fram for kontrollutvalet for handsaming.

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Seljord kommune vedtok i møtet 29.06.2017 å tilsette Finn-Arild Bystrøm som rådmann. Då Bystrøm takka ja til jobben som rådmann synte han i eit følgjeskriv til ei avtale med ordføraren om bustad til fri disposisjon i tillegg til dei øvrige vilkåra. Avtale om fri bustad vart gjort munnleg mellom rådmann og ordførar. Avtala var ukjend for administrasjonen.

I tilsetting av ny rådmann i Seljord kommune i 2017 utgjorde administrasjonsutvalet tilsettingsutvalet.
Eit samla administrasjonsutval slutta i møtet 16.06.2017 at Bystrøm skulle få tilbod om stillinga som rådmann. I samband med innstillinga vart det også diskutert lønsnivå og administrasjonsutvalet diskuterte seg fram til at eit tilbod på 830 000 kr i årsløn var det ein maksimalt kunne tenkje seg å gå til, av omsyn til den totale økonomiske situasjonen i kommunen. Bystrøm vart etter forhandlingar lova 860 000 kr i årslønn og fri bustad.

Personalsjef Ingeborg Nenseter Jensen og ordførar Halfdan Haugan vil gi utvalet ei orientering om saka i møte. Rådmann Finn-Arild Bystrøm vil være tilstade under handsaminga dersom utvalet har spørsmål.

Vurdering frå sekretariatet:

Saka leggast fram utan forslag til vedtak da kontrollutvalet vil få ei orientering i møte.

Kontrollutvalet har blitt bedt om å sjå på handsaminga av tilsettingssaka og tilsettingsvilkåra ved tilsetting av ny rådmann, for slik å vurdere om ordføraren gjekk ut over sine fullmakter då han førespegla fri bustad til rådmannen. Det vil vere naturleg at kontrollutvalet gir ei uttale til kommunestyret i saka.

Hovedregel
Kommunelova § 9 nr. 3 slår fast at ordføraren er kommunens rettslege representant. Dermed er det ikkje sagt at ordføraren har generell adgang til å forplikte kommunen. Hovudregelen og utgangspunktet er at ordføraren ikkje kan binde kommunen ut over sine faktiske fullmakter. Det vil seie at dersom han går utover sine fullmakter er kommunen som hovudregel ikkje bunde.

Kva var ordførar si fullmakt og gjekk han utover denne?
Ut frå det som kjem fram av administrasjonsutvalet si handsaming, hadde ordførar fullmakt til å tilby ei årsløn på kr 830 000. Han blei tilbode kr 860 000 og fri bustad. Administrasjonsutvalet sjølv meiner at det er grunn til å tru at ordføraren gjekk utover fullmakta si, da rådmann vart tilbode bustad, jf. vedtak 7/18 i møte 02.02.18. Ordførar er invitert i kontrollutvalet for å greie ut si side av saka.

Kan ein likevel bli bunden sjølv om ordørar gjekk utover fullmakta?
Unntaket frå hovudregelen er at kommunen er bunden dersom ordføraren var legitimert til å forplikte kommunen sjølv om han gikk ut over sik fullmakt. Etter alminnelige avtalerettslige regler kan en fullmektig (her ordføraren) i visse tilfelle forplikte den han opptrer for, sjølv om han opptrer i strid med fullmakta. Dette vert eit juridisk spørsmål om legitimasjonvirkningar. Sekretariatet har ikkje gått inn i den vurderinga, men det er ei vurdering som kan gjerast.

Dersom ein konkluderer med at kommunen ikkje er bunden av dei overnevnte reglane kan kommunen likevel ha erstatningsplikt ved overskriding av fullmakt. Rettspraksisen tilseier at det må føreligge svært spesielle omstende for å fastslå erstatningsplikt ved overskriding av fullmakt.

Etter sekretariatet si vurdering er det ikkje gitt at Seljord kommune er bunden av ordførarens lovnad om fri bustad til rådmannen.

Kan ein ettergodkjenne avtalen?

Uansett vurderingane i dei overnevnte spørsmåla, står kommunestyret fritt til å godkjenne avtalen med rådmannen. Administrasjonsutvalet slutta i møtet 02.02.2018 å sende ei innstilling til kommunestyret om at administrasjonen finn eit tilfredstillande husvære dekt av Seljord kommune.

Konsekvensar
Kva konsekvensar dette skal ha juridisk og politisk har ikkje sekretariatet noko formeining om. Dersom det etter ordførar si utgreiing i møte kan konstaterast at ordførar gjekk utanfor si fullmakt, bør kontrollutvalet sende ei uttale til kommunestyre og orientere kva handlingsalternativ kommunestyret har. Så får det bli opp til kommunestyret, etter innstilling frå administrasjonsutvalet og kontrollutvalet si uttale, å avgjerde konsekvensane av ordførar si handtering av saka.

Dersom kontrollutvalet etter utgreiingane er gjeve i møtet meiner at ein bør sjå grundigare på saka, og gjere ei større undersøking der ein ser på handsaminga av heile tilsettingsprosessen, kan det være føremålstenleg å be kommunestyret vurdere om ei slik undersøking er ønskeleg.

Vedlegg:
Saksframlegg ADMU 02.02.2018, sak 7/18
Saksprotokoll ADMU 02.02.2018, sak 7/18

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 07.03.2018 sak 2/18

Møtehandsaming
Personalsjef Ingeborg Nenseter Jensen og Ordførar Halfdan Haugan gav utvalet ei orientering om saka, og svara på spørsmål.

Rådmann Finn-Arild Bystrøm svara på spørsmål frå utvalet.

Forlag til vedtak:

Kontrollutvalet si uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa frå ordførar og personalsjef om saka og ønskjer ikkje å gå vidare med saka.

Kontrollutvalet vil likevel påpeike at det er grunn til å tru at ordførar gjekk utanfor sitt mandat ved å tilby fri bustad, dette var uheldig. Kommunen må for ettertida sørge for klare mandat og gode rutinar i tilsettingssaker.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet si uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa frå ordførar og personalsjef om saka og ønskjer ikkje å gå vidare med saka.

Kontrollutvalet vil likevel påpeike at det er grunn til å tru at ordførar gjekk utanfor sitt mandat ved å tilby fri bustad, dette var uheldig. Kommunen må for ettertida sørge for klare mandat og gode rutinar i tilsettingssaker.

RETT UTSKRIFT
DATO 8.mars.2018

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 18/03804
Arkivkode
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	07.03.2018	2/18

Tilsettingsvilkår rådmannen - sak frå administrasjonsutvalet

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 07.03.2018 sak 2/18

Møtehandsaming
Personalsjef Ingeborg Nenseter Jensen og Ordførar Halfdan Haugan gav utvalet ei orientering om saka, og svara på spørsmål.

Rådmann Finn-Arild Bystrøm svara på spørsmål frå utvalet.

Forlag til vedtak:

Kontrollutvalet si uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa frå ordførar og personalsjef om saka og ønskjer ikkje å gå vidare med saka.

Kontrollutvalet vil likevel påpeike at det er grunn til å tru at ordførar gjekk utanfor sitt mandat ved å tilby fri bustad, dette var uheldig. Kommunen må for ettertida sørge for klare mandat og gode rutinar i tilsettingssaker.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet si uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa frå ordførar og personalsjef om saka og ønskjer ikkje å gå vidare med saka.

Kontrollutvalet vil likevel påpeike at det er grunn til å tru at ordførar gjekk utanfor sitt mandat ved å tilby fri bustad, dette var uheldig. Kommunen må for ettertida sørge for klare mandat og gode rutinar i tilsettingssaker.